


# Arveavkorting

*Utgreiing om gjeldande norsk rett og med eit  
oversyn over nytt lovforslag*

Kandidatnummer: 79

Tal ord: 14 623



JUS399 Masteroppgåve  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

31.mai 2016

## Innhaldsoversikt

1.	Innleiing .....	3
1.1	Oppgåvetema, bakgrunn og aktualitet: .....	3
1.1.1	Innleiing .....	3
1.1.2	Kva skal oppgåva handle om? .....	3
1.1.3	Arveavkorting vs. arveforskot – det same? .....	5
1.1.4	Metodiske grep i framstillinga .....	6
1.2	Reglar om arveavkorting i eldre tider .....	6
2	Vilkåra for avkorting i arv .....	10
2.1	Kva skal til for å kunne avkorte i arv? .....	10
2.1.1	Innleiing .....	10
2.1.2	Gåveomgrepet .....	11
2.1.3	Kan gâvesal gje grunnlag for avkorting? .....	13
2.1.4	Kva er ei «monaleg gåve»? .....	14
2.1.5	Gåveytinga vs. ytingar til andre livsarvingar .....	16
2.1.6	Krava til arvelatar si (eventuelle) avkortingsavgjerd .....	17
2.1.7	Avkortingspliktig gåve som kombinert disposisjon .....	20
2.1.8	Forsikring og utlegg .....	20
2.1.9	Kva kan ikkje avkortast? .....	22
3	Gjennomføring av arveavkorting .....	24
3.1	Vilkåra i al. § 38 kvalifiserer til avkorting .....	24
3.2	Kva avgjer avkortingssummen? .....	24
3.2.1	To typetilfelle regulert i § 40 .....	24
3.2.2	Avkorting der arvelatar ikkje har fastsett sum .....	24
3.2.3	Arvelatar har fastsett ein sum .....	27
3.2.4	Korleis er tilhøvet mellom reglane i 1. og 2.pkt? Rt.1996 s.710 .....	27
3.2.5	Kan terskelen for «openbert urimeleg» justerast? .....	30
3.3	Gåva overstig livsarving sin arvelott .....	32
3.4	Tilgodesett livsarving døyr før arvelatar .....	33
3.5	Korleis avkorte i felleseigemidlar? .....	34
3.5.1	Presentasjon av al. § 39 .....	34
3.5.2	Kan gåve frå særeigemidlar føre til avkorting i felleseigemidlar? .....	37
3.6	Arvelova § 43 – attlevande ektemake sine rettar .....	37

4	Forslag til ny arvelov frå arvelovsutvalet.....	42
4.1	Utvalet og deira mandat for arbeidet .....	42
4.2	Forslaget til nye reglar om avkorting .....	43
4.3	Avkorting føreslege når det «anses avtalt».....	44
4.3.1	I realiteten berre mindre endringar .....	44
4.3.2	Endring av terminologi?.....	45
4.3.3	Framleis ingen formkrav til avkortingsavgjerdene .....	46
4.4	Ny vurdering for tidspunktet for verdsetjinga av avkortingssum? .....	47
4.5	Dagens al. § 39 har utspelt si rolle.....	48
4.6	Vidareføring av innhaldet i al. §§ 41 og 42 .....	49
4.7	Regelen i § 43 er føreslege å stå uendra .....	49
4.7.1	Utvalet ønskjer å halde på gjeldande rett .....	49
4.7.2	Bør dagens § 43 endrast på likevel?.....	50
	Litteraturliste .....	52

# 1. Innleiing

## 1.1 Oppgåvetema, bakgrunn og aktualitet:

### 1.1.1 Innleiing

Arveretten generelt er alltid aktuell. Den kjem til funksjon der ein person døyr. I løpet av sitt liv vil dei aller fleste måtte halde seg til arverettslege reglar i samband med arveoppgjjer etter dødsfall i familien eller der eins eige liv er i ferd med å ebbe ut. Hovudføremålet med arveretten er at arvelatar sine verdiar og egedelar elles førast vidare til arvelatars arvingar.<sup>1</sup> Dette vil skje anten etter reglar i lovs form eller ved testaments form.

Også i friskt og levande live er det vorte meir og meir vanleg å føreta arverettslege disposisjonar eller disposisjonar som har eller kan ha arverettslege følgjer, t.d. gje livsarvingar forskot på arv, anten etter førespurnad frå dei eller av eige initiativ. Ofte har føresette ein betre økonomisk kvardag enn sine born, som t.d. er studentar med ein noko trong økonomi. Då er det for nokre familiar praktisk å gje økonomisk støtte i form av mellom anna arveforskot til den/dei av livsarvingane som måtte trenge det der og då. Å ha lovfastsett moglegheit til å jamne ut tidlegare gjevne ytingar er difor både logisk og viktig for å likestille arvingane seinare ved endeleg arveoppgjjer. T.d. avgjer eit foreldrepar at garden dei driv skal overdragast til deira eldste born utan at dei resterande borna får noko. Dersom dei rette føresetnadane ligg til grunn, vil reglar om korleis utjamning av slike særtytingar skal skje, kome til bruk.

### 1.1.2 Kva skal oppgåva handle om?

Denne oppgåva skal omhandle reglane for avkorting i arv som ein finn i lov 3.mars 1972 nr. 5 om arv m.m. (arvelova) §§ 38-43. Det vil i hovudsak verte fokusert på føresegna i § 38, der

---

<sup>1</sup> Lødrup: *Nordisk arverett*, s.37

grunnvilkåra for å i det heile kunne avkorte i arv er nedfelt. Denne føresegna nedfeller i 1.pkt. at:

*«Har arvelataren gitt ein livsarving ei monaleg gåve utan at dei andre livsarvingane har fått tilsvarende verdiar, skal gåva avkortast i arven til mottakaren som forskot dersom arvelataren har fastsett det eller det blir godtgjort at avkorting vil vere i samsvar med føresetnadene til arvelataren.»*

Etter regelen i arvelova (al.) § 38, 1.pkt opnast det for at arvelatar kan avkorte i arven til ein eller fleire av sine livsarvingar på grunnlag av tidlegare gjevne ytingar som dei resterande livsarvingane ikkje har motteke tilsvarende av. Tanken bak avkortingsreglane er såleis at ytingar til livsarvingar skal kunne utjamnast under arveoppgjeret dersom arvelatar ønskjer det, slik at livsarvingane likestillast kva gjeld mottak av verdiar frå den aktuelle arvelatar. Til dømes frå det enkle dømet om garden, jf. tidlegare. Grunnane bak ei slik tenkt overdraging av gardsbruk til eitt av borna kan vere fleire. Kanskje arvelatar ikkje lenger maktar å halde garden ved lag lenger og/eller at eit av borna samstundes ønskjer å ta over? Då vil verdien av denne aktuelle eigedomen, dersom arvelatar ønskjer det eller det vert godtgjort at dette var meininga, seinare kunne avkortast i den aktuelle livsarving sin arvelott. Slik vil denne ved endeleg arveoppgjær få redusert arvelotten sin, ofte tilsvarende verdien på eigedomen vedkomande tidlegare har arva.

Ofte føreligg eit slikt uttrykkjeleg ønskje om likestilling av arvingane når endeleg arveoppgjær skal føretakast, medan andre gonger er det ikkje uttrykt. For å unngå problemstillingar knytt til arvelatar si vilje er det såleis viktig med klare reglar om arveavkorting, og klare reglar vil igjen føre til færre tvistar. Ei utgreiing og avklaring av gjeldande rett kva gjeld avkorting i arv er med denne bakgrunn interessant.

I denne oppgåva ønskjer eg difor å sjå nærare på kva for vilkår som må vere oppfylt for å i det heile kunne avkorte i arven til ein livsarving, samt også korleis ei eventuelle avkorting konkret gjennomførast. Det er vidare eit nytt arvelovsforslag på trappene, og dette vil verte omtala seinare i oppgåva.

### 1.1.3 Arveavkorting vs. arveforskot – det same?

Det har i juridisk teori vore ein diskusjon kor vidt ein skal oppfatte arveavkorting og arveforskot for å innebere det same, eller om dei ulike terminologiane representerer ulikt innhald. Til dømes om ein avtale om forskot på arv automatisk medfører arveavkorting ved seinare arveoppgjer, eller om arveavkorting særskilt må semjast om i tillegg. Greve synast å leggje til grunn at det ikkje skal gjerast skilnad på dei to nemnde terminologiane i det ho mellom anna omtalar verkeområdet til avkortingsreglane som «der *forskudd* er gitt til èn eller fleire av arvelaterens barn..»<sup>2</sup> (mi utheving). Men i dette kan jo også liggje ein nyanse, nettopp i det Greve påpeikar at gåver skal avkortast som forskot på arv. Arvelova i seg sjølv nyttar i tillegg til «avkorting» også «forskott», men overordna er dei aktuelle reglane omtala som «avkorting i arv», jf. kap. 6. Såleis synast heller ikkje arvelova å gjere noko stort poeng ut av ei eventuell sontring mellom omgrepa.

Det kan likevel tenkjast at ein livsarving tek imot noko arvelatar seier skal vere «forskott på arv» utan at dette oppfyller vilkåra etter § 38 for å kunne avkorte i arv seinare. Dette er tilfelle for arveforskot av mindre verdiar og som då ikkje vil vere å sjå som ei «monaleg gåve» etter § 38, 1.pkt. Her vil skilnaden mellom dei to terminologiane som tilsynelatande verkar å ha same konsekvensar, kome til syne. Problemet vil nok likevel ikkje ligge her, i det avkortingsreglane ikkje er meint å skulle utjamne arven totalt i kroner og øyre, men i noko lunde grad likestille. Eit arveforskot som då ikkje vert å tolke som «monaleg» vil til vanleg ikkje undergrave målet med avkortingsreglane. Men det skal også seiast at avkorting kan tenkjast skje på grunnlag av mindre gåver som ikkje oppfyller vilkåra etter § 38, men då gjennom ein gjensidig avtale mellom arvelatar og forskotsmottakar.

---

<sup>2</sup> Greve: «*Forskudd på arv til livsarving*» i Tfr 1988 s.670 flg. på s.672.

Ser ein til nordisk rett, så brukar både Danmark, Sverige og Finland forskot på arv som hovudterminologi, jf. kapitteloverskriftene i dei respektive arvelover i desse landa.<sup>3</sup> Med dette i bakhovudet vil det for denne framstillinga ikkje vere føremålstenleg å ytterlegare utdjupe ei eventuell sontring mellom avkorting og forskot på arv. Eg vil likevel halde meg til den norske terminologien, men utan at dette er meint å skulle representere nokon form for motpol til den nordiske terminologien.

#### **1.1.4 Metodiske grep i framstillinga**

På arveretten sitt område er det ikkje noko spesielt som skil seg ut ved den juridiske metode samanlikna med andre rettsområde. Det kan likevel nemnast at eg i mangel på utstrekt rettspraksis frå Høgsterett kva gjeld avkortingsreglane vil gjere bruk av nokre underrettsdommar i staden. Einskilde av underrettsdommane er likevel saker som kjæremålsutvalet i Høgsterett har sila ut og såleis ikkje vorte handsama i Høgsterett etter anke. Dette i seg sjølv kan tenkjast å gje sakene høgare rettskjeldemessig verdi enn andre underrettsdommar, utan at dette skal gjerast noko stort poeng ut av.

## **1.2 Reglar om arveavkorting i eldre tider**

Ein veit om utjamningsreglar mellom arvingar heilt tilbake til romarretten. Rettsinstituttet «collatio bonorum» var sentralt og gjekk ut på at ein livsarvings tidlegare gjevne arveforskot skulle leggjast til buet ved oppgjeret før endeleg fordeling kunne skje.<sup>4</sup> Å ha reglar om utjamning er såleis ikkje noko nytt.

I mellomalderen varierte gjeldande rett frå område til område i Noreg, og det mest kjende lovverket frå starten av denne perioden er Gulatingslova. Etter denne lova var det berre søner/brør/fedre som hadde arverett, med mindre arvelatar (far) ikkje hadde søner. Då fekk

---

<sup>3</sup> Jf. den danske arvelova - Lov nr.515/2007 (AL.) §§ 43-47, den svenske Ärvdabalk (ÄBS) 1958/637 6.kap og den finske Ärvdabalk (ÄBF) 5.februar 1965/40 6.kap.

<sup>4</sup> Greve: «*Forskudd på arv til livsarving*» i Tfr 1988, s.678.

døtrene arv, men måtte dele denne med sine egne søner, jf. Gulatingslova 103, første og andre ledd.

I Gulatingslova 128 og 129 finn ein reglar om avkorting. Etter 129 ser ein at der ein av sønene til arvelatar har fått gåver medan arvelatar var i live, så skulle dei av sønene som ikkje fekk slik gåve få ta tilsvarende midlar ut av buet før buet vart skifta. Det overskytande skulle delast likt på alle sønene.

For dei høva der arvelatar ikkje hadde søner, så kom 128 til bruk. Etter Gulatingslova hadde nemleg ei dotter rett på såkalla heimanfylgje når ho vart gift bort. Det ligg i ordet kva heimanfylgje var for noko, nemleg egedelar/gjenstandar døtrene fekk med seg heimanfrå då dei gifte seg. Regelen i 128 synast å skulle verne om dei av døtrene som på tidspunktet for arvelatars død ikkje var gifte. Desse hadde etter 128 rett på å ta ut av buet tilsvarende det dei gifte systrene hadde fått i heimanfylgje. Først etter dette var gjort, skulle det overskytande delast likt på alle døtrene, jf. 128 første ledd.

Magnus Lagabøtes Landslov av 1274 var, samanlikna med Gulatingslova, eit steg mot meir likestilling av livsarvingane i det døtrer ved denne lova fekk arverett ved sida av brørne, men berre halv lott dersom dei hadde brør.<sup>5</sup> Etter denne lovas del V, kap.7 så skulle foreldra ved bortgiftning av sine born ikkje gje dei større i medgift enn det som ville falle på arvelotten deira som ugift. Dersom medgiftet likevel oversteig arvelotten som ugift, måtte vedkomande son eller dotter føre tilbake det overskytande slik at utjamning kunne skje mellom dei resterande arvingane.<sup>6</sup>

I Kong Cristian Den Femtis Norske Lov 15.april 1687 (N.L) artikkel 5-2-61 heitte det at ein livsarving si gåve frå arvelatar skulle føre til avkorting i arv seinare. Altså var det ein klar

---

<sup>5</sup> Greve, «Forskudd på arv til livsarving» i Tfr 1988 s.670 flg, på s.678.

<sup>6</sup> Taranger: Magnus Lagabøters Landslov, s.86.



hovudregel om avkorting nedfelt i denne lova. Alternativt kunne den som fekk gáva velje å leggje forskotet til buet før endeleg arveoppgjer skulle gjennomførast, jf. art. 5-2-61. Men det var etter denne regelen opp til arvelatar (far) å skulle bestemme om avkorting skulle skje dersom han ikkje rakk å gjere «de andre lige Skiel», jf. ordlyden «som af Faderen i saa maader optegnet er» i art.5-2-61. Dette i tilfella der arvelatar døydde før han hadde fått moglegheit til å gje forskot til alle sine born. På generelt grunnlag ser ein ei endring samanlikna med tidlegare rett – ein går frå automatisk avkorting uavhengig av arvelatars vilje til krav om bestemt avkorting.

Med denne lova vart skiljet mellom son og dotter mindre. Det vart no ikkje lenger gjort like konsekvent skilnad på søner og døtrer kva gjaldt arverett samanlikna med før, jf. m.a. den kjønnsnøytrale omtalen «Barn» i mellom anna art. 5-2-61. Likevel har ein 5-2-29 i denne lova, som framleis ga søner/menn dobbel arvelott i høve døtrer/kvinner.

Arvelova av 1854 representerte ikkje dei heilt store endringane i høve til føregåande rettstilstand om avkorting, men det var ved denne lova at arvelotten til søner og døtrer vart likestilt. Elles er det i stor grad tale om vidareføring av gjeldande avkortingsreglar. Særleg sentralt var vidareføringa frå N.L om at arvelatar avgjorde om det skulle skje avkorting eller ikkje. Det var i utgangspunktet formkrav til dette. Avgjerd om at avkorting var givar si vilje måtte gå fram av anten ein «forfattet Optegnelse eller andet dokument», alternativt gå fram «af Barnets Tilstaaelse» jf. al. 1854 § 14. Det var med andre ord nokså strenge formkrav i tilknytning til arveavkorting etter arvelova 1854, og denne regelen skilde seg ut også i høve mange europeiske land sine avkortingsreglar på den tida, mellom anna både Sverige og Finland. Desse hadde ei ordning med automatisk avkorting.<sup>7</sup> Krava i dagens norske arvelov er noko lempelegare, dette vil verte drøfta seinare i oppgåva.

---

<sup>7</sup> NUT 1962-2, s.124.

Det føregåande er altså reglane som dannar bakteppet for dagens avkortingsreglar. Ein ser at det (heldigvis) har vore ei viss utvikling, men ein ser også at det frå N.L i utstrekt grad er tale om vidareføring av gjeldande rett då dagens reglar ikkje er så ulike reglane frå 1687.

# 2 Vilkåra for avkorting i arv

## 2.1 Kva skal til for å kunne avkorte i arv?

### 2.1.1 Innleiing

Ein finn vilkåra for arveavkorting i al. § 38, referert under pkt. 1.1.2. Føresegna nedfeller at der arvelataren har gjeve «ein livsarving» ei «monaleg gåve» og utan å ha gjeve «dei andre livsarvingane tilsvarande verdiar, skal gåva avkortast i arven til mottakaren som forskot». Ein vidare føresetnad for avkorting er likevel at arvelatar anten må ha «fastsett det [avgjerd om avkorting]» eller at det vert «godtgjort at avkorting vil vere i samsvar med [arvelatars] føresetnad[er]», jf. al. § 38 (1).

Føresegna sitt 2.pkt slår fast at reglane i 1.pkt gjeld også for «forsikring og utlegg eller liknande til føremon for ein livsarving». I 3.pkt er det så reglar om kva for type utlegg overfor livsarving som ikkje kan avkortast i, og dette er utlegg som gjeld foreldre si oppfostringsplikt av borna. Dette kjem eg tilbake til nedanfor.

Av lovteksten er det verdt å merke seg at avkorting etter føresegna berre kan gjerast overfor «livsarving», altså avkomet til arvelatar, jf. legaldefinisjonen i al. § 1 (1). Eventuelle adoptivborn vil også verte å rekne som «avkomet» til arvelatar, jf. adopsjonslova (adl.) § 13. Dette utelukkar ikkje at avkorting også kan skje overfor andre, men då må dette i så fall skje i testaments form, i det lovreguleringa ikkje heimlar noko slikt. Til skilnad kan ein t.d. sjå til Norden, der både Danmark i den nye AL. § 43, og Sverige og Finland i sine respektive lover<sup>8</sup>, har regulering av arveavkorting også overfor andre arvingar enn livsarvingar.

---

<sup>8</sup> ÄBS, 6.kap og ÄBF 6.kap.

## 2.1.2 Gåveomgrepet

Den aktuelle ytinga må etter § 38, 1.pkt vere ei «gåve» som er å sjå som «monaleg». Gåveomgrepet er ikkje definert i arvelova. Om grunnen til dette er fordi det er semje om kva omgrepet inneber eller om det er vanskeleg å gje ein klar tidlaus definisjon på «gåve», er ikkje så godt å seie.

I ei alminneleg språkleg forståing av «gåve» ligg det generelt eit ønskje frå gjevar om å gje vinst til mottakar, i utgangspunktet utan krav om motyting. Ein veit likevel at det er fleire formueforskyvingar der det av mottakar er ytt noko i retur, men som kanskje ikkje svarar til hovudytinga i verdi. Slik vil gåveomgrepet sitt innhald kunne variere ut frå t.d. kva rettsområde ein er på og kva omsyn og føremål som gjer seg gjeldande i den konkrete situasjonen.

Når det er sagt er det støtte i juridisk teori for at det i gåveomgrepet tradisjonelt og mest vanleg ligg «en vederlagsfri formuesoverføring frå giveren i den hensikt å berike mottageren»<sup>9</sup>. Dette kan om ikkje anna nyttast som eit utgangspunkt. Med omsyn til eit ønskje om samordna reglar, så vil det ha gode grunnar føre seg å ha det same innhaldet i gåveomgrepet uavhengig av kva rettsområde ein skal løyse spørsmål på.

Det er altså det vederlagsfrie aspektet som særskilt kan kjenneteikne ei gåve, altså ein einseitig disposisjon. Det kan likevel godt tenkjast at ein gjensidig disposisjon også kan utgjere ei gåve, men då må det vere «et misforhold mellom ytelsene». I tillegg må det ha vore eit gåveføremål med ytinga, eller utvist «gavmildhetsakt».<sup>10</sup>

Høgsterett har i ei sak referert i Rt.2014 s.1248 som omhandlar spørsmål om skeivdeling etter ekteskapslova § 59, gjeve fråsegn om eigenskapane til ei gåve. Her presiserer førstvoterande

---

<sup>9</sup> Lødrup/Aasland: *Arverett*, s.245.

<sup>10</sup> Ot.prp. nr.28 (1990-1991) s.89

kva som meir presist ligg i «gavmildhetsakt». I dette omgrepet «ligger [...] ikke at giveren må oppvise en giverglede. Poenget er at visse typer transaksjoner, typisk forretningsmessige transaksjoner og transaksjoner som finner sted for å oppfylle rettslige forpliktelser, må holdes utenfor, selv om de innebærer en formuesforskyvning.»<sup>11</sup>

Førstvoterande poengterer dermed at det er mange disposisjonar som kan ha gåveliknande element ved seg, men at ein må avgrense mot reine formueforskyvingar som ikkje har element av såkalla «gavmildhetsakt» i seg. Vidare uttalar førstvoterande at det ikkje er noko absolutt krav å ha til føremål å gje vinst til mottakar med formueforskyvinga, då «[d]et kan foreligge gavehensikt selv om den som yter gaven også har andre motiver enn å berike mottakeren.»<sup>12</sup>

Spørsmålet er vidare om det Høgsterett poengterer om gåveomgrepet kan overførast til den reine arveretten og om dei generelle fråsegna i førearbeida til ekteskapslova såleis også kan ha relevans. Her kan det visast til ei sak som gjekk for Gulating lagmannsrett, referert i RG 1997 s.1621. Her var det ei mor og ein son som i nokre år hadde drive eit transportselskap i lag og der det i etterkant av arvelatar sin død, kom opp spørsmål om denne sonen måtte tole avkorting i arv på grunnlag av at avgifter for masseuttak i samband med drifta vart inntektsført i den felles næringsrekneskapen. Desse avgiftene hadde ikkje noko med sonen å gjere. Avgjerd om avkorting frå arvelatar førelåg. Lagmannsretten uttalte her at «[g]avebegrepet må tolkes i samsvar med hva som generelt forstås med gave slik at det inneholder et subjektivt element som innebærer at overføringen av merverdier må være begrunnet i en gavehensikt.», jf. RG 1997 s.1621.

For saka i RG 1997 s.1621 sin del, vurderte retten det slik at arvelatar hadde eit mål om enklare rekneskapsføring, samt sparing av skatt ved å spreie inntekta på to personar, slik at det «mao. [var] egeninteressen, og ikke ønsket om å berike Georg som motiverte henne.», jf. dommen. Lagmannsretten kunne i saka ikkje finne motiv som tilsa at arvelatar hadde til mål å

---

<sup>11</sup> Rt.2014 s.1248, avsnitt 44.

<sup>12</sup> Rt.2014 s.1248, avsnitt 44.

ville gje vinst til sonen sin ved den aktuelle inntektsføringa i næringsrekneskapen, og såleis kan heller ikkje det Høgsterett uttalte om at det også kan føreliggje andre omsyn bak ei slik yting som al. § 38 er meint å råke, jf. Rt. 2014 s.1248, leggjast vekt på her.

Av den nettopp refererte dommen, som seinare vart nekta anka til Høgsterett av kjæremålsutvalet, kan ein ta til inntekt at gåveomgrepet ikkje treng nyanserast ut frå rettsområde. Og vidare at innhaldet, sjølv om det kan vere breitt, i alle fall ikkje skal representere noko realitetsskilnad mellom saker på familieretten sitt område, slik som Rt.2014 s.1248, og arveretten. Omsynet til sameina tolking støttar også opp om dette.

### **2.1.3 Kan gåvesal gje grunnlag for avkorting?**

Så kan ein stille spørsmålet om også gjensidige disposisjonar i form av gåvesal kan gje grunnlag for å kunne avkorte i arv. Gåvesalstilhøvet er ikkje uttrykkjeleg nemnd i arvelova, men er eit aktuelt omgrep i samband med t.d. avhending av eigedom mellom nær slekt. Eit «gåvesal» kjenneteiknast ved at det vert føreteke eit sal gjerne langt under normal marknadspris for den aktuelle tingen, mest praktisk er fast eigedom.

I ei sak frå Gulating lagmannsrett, LG-2000-696, var det spørsmål om det skulle avkortast i arv på grunnlag av ei eigedomsoverdraging som var gjort til ein av livsarvingane, A, etter arvelatar som sat i uskifte. Saksøklarane, to av systrene til A, gjorde gjeldande at overdraginga var skjedd med eit gåveføremål og at taksten som huset var overdrege i samsvar med, kr. 300 000,-, var for låg.

Lagmannsretten stadfesta skifteretten si avgjerd om at det ikkje førelåg grunnlag for avkorting, hovudsakleg på grunn av at det ikkje kunne påvisast at eigedomen var overdrege med gåvehensikt frå mora som sat i uskifte. Dessutan hadde det på eit tidlegare tidspunkt vore semje mellom alle syskena at det var mest praktisk at A fekk huset overdrege til seg, i tillegg til at overformynderiet meinte at dette var «ei rimeleg løysing for alle partar og den løysinga

som tener [mora] best», jf. dommen. Her kunne det altså ikkje vere snakk om noko gåvesal etter skifteretten og lagmannsretten si meining, og § 38 kom såleis ikkje til bruk i saka.

Ut frå dommen kan ein slutte at det verken førelåg føremål om å gje den eine livsarvingen ei gåve eller at overdraginga av eigedomen i seg sjølv kunne utgjere ei gåve. Til det var summen som utgjorde motytinga ikkje prova å liggje under eigedomen sin verdi og avkorting var åleine av den grunn ikkje aktuelt. Her var det altså klart tale om ein gjensidig disposisjon der yting og motyting i meir eller mindre grad samsvarer, og såleis ikkje noko gåvesal.

Det er likevel ikkje tvil om at eit gåvesal der differansen mellom t.d. ein eigedom sin marknadsverdi og salssummen oppfyller vilkåra til «monaleg gåve» under, vil kunne avkortast dersom føresetnadane elles også er til stades.

#### **2.1.4 Kva er ei «monaleg gåve»?**

Kva som er ei «monaleg gåve» vil kunne avhenge av fleire moment. Av ordlyden kan ein med ein gong utelukke dei mindre gåvene, dei gåvene av lita betyding, i alle fall kva gjeld ut frå verdien. Av førearbeida kan ein lese at departementet meiner at ei gåve «[r]egelmessig [...] ikke anses som avkortningspliktig, med mindre den klart har preg av en særbezugstignelse og må karakteriseres som betydelig».<sup>13</sup> I arvelovskomiteèn sitt utkast var det vilkår om at gåva både måtte vere «*særleg og betydelig*» [mi utheving], då dei to omgrepa potensielt kunne representere ulikt innhald og at begge hadde sjølvstendig meining.<sup>14</sup>

Departementet såg ingen grunn til å ha med begge vilkåra, då «særleg» som vilkår «neppe [vil] ha noen vesentlig betydning ved siden av [at] gaven må vere betydelig», slik at det i alle fall er «overflødig å fremheve det i lovteksten [som] et ekstra vilkår..»<sup>15</sup> Då det som

---

<sup>13</sup> Ot.prp. nr.36 (1968-1969) s.166-167.

<sup>14</sup> NUT 1962-2, s.205.

<sup>15</sup> Ot.prp. nr.36 (1968-1969) s.166.

departementet påpeiker ikkje er meint noko vesensskilnad mellom dei to vilkåra, sjølv om komiteen utdjupar at det kan ligge noko ekstra i «særleg», så vert ikkje dette eventuelle skiljet aktualisert ytterlegare i denne framstillinga.

Ved avgjerda om gåva vidare er å sjå som «monaleg», skal ein ta omsyn til «giverens inntekts- og formuesforhold og hans miljø» på tidspunktet for gåva.<sup>16</sup> Ei gåve med verdi på t.d. kr. 25 000,- kan for nokon framstå som «monaleg», medan det for andre ikkje vil nå denne terskelen. Dersom ei gåve på kr. 25 000,- skal framstå som «monaleg», må ein gå ut frå at formuen til gjevaren er liten. For ein gjevar med større formue, t.d. på kr. 2 000 000,- på arvefallstidspunktet, må krava for å innfri vilkåret vere høgare, utan at førearbeida har fastsett noko konkret sum for å illustrere tilhøvet mellom gåveverdi og formue generelt. Verdien av gåva må også sjåast «monaleg» i høve kva dei andre livsarvingane eventuelt har fått av verdiar, noko eg kjem tilbake til.

I ei sak for Jæren heradsrett i 1994, referert i RG 1994 s.1188, var det spørsmål om vilkåret «monaleg gåve». I saka hadde eine sonen til eit ektepar som til saman hadde fire born, fått overdrege ein gardseigedom til seg for ein sum som var langt under den verdien som eigedommen med innbu og utstyr var verdsett til. Han hadde totalt betalt i underkant av kr. 200 000,- for eigedomen som av skattefuten var verdsett til minst kr. 353 800. Til illustrasjon av gåva sitt verdinivå uttalte retten at «..en godt betalt industriarbeider på Jæren på det aktuelle tidspunktet brutto tjente kr 40.000 - 50.000 pr år. Gaven tilsvarte mao. minst fire netto årslønner for en industriarbeider.» Samla utgjorde verdiane foreldra overførte til sonen «ca. 2/3 av deres samlede aktiva. Dette forholdet, samt gavens omfang, innebærer at det ikke kan være tvilsomt at Per Grødem mottok en «monaleg gåve».», jf. s.1194 i dommen.

Utfallet av denne saka er nok ein av dei meir klare døma på kva som skal til for å oppfylle vilkåret «monaleg gåve», både med omsyn til at det er nokre år sidan dommen vart avsagt og fordi gåva utgjorde ein særdeles betydeleg del av foreldra sin formue på tidspunktet då gåva

---

<sup>16</sup> Ot.prp. nr.36 (1968-1969) s.166.



vart gjeve. Slik kan det også førekome døme der det også er mindre summar enn det det var tale om i den nemnde saka som vil tene til å oppfylle «monaleg gåve» i al. § 38, 1.pkt.

### **2.1.5 Gåveytinga vs. ytingar til andre livsarvingar**

Sjølv om dei nemnde vilkåra skulle tenkast å vere oppfylt, er det likevel ein grunnføresetnad i føresegna at dei resterande livsarvingane *ikkje* har motteke «tilsvarande verdiar» som den aktuelle gåvemottakaren. Dette tyder først og fremst at for å avkorte må det eksistere andre livsarvingar enn den som er tilgodesett. Er livsarvingen som fekk gåva einaste livsarving, så kan det ikkje avkortast etter al. § 38. Her vil ikkje likefordelingstanken vere aktuell.

Det kan tenkast tilfelle der alle livsarvingane har motteke ytingar frå arvelatar, men der ein av livsarvingane har motteke ei yting av høgare verdi enn dei andre. Her vil ein i tillegg til gjevar sine inntekts- og formuetilhøve o.l., jf. ovanfor, måtte sjå på verdidifferansen mellom ytingane for å avgjere om ytinga av høgast verdi er «monaleg» i høve dei andre. Dette vurderingsmomentet ligg etter mi meining som ein naturleg føresetnad i føresegna. Dersom det var slik at differansen mellom ytingane ikkje trong oppfylle vilkåret «monaleg» også, vil dette ikkje vere i tråd med føresetnadane i og målet med al. § 38 elles. Det er ikkje snakk om å skulle utlikne på kroner og øyre, men å sikre ei noko lunde likefordeling av livsarvingane. Å skulle avkorte i arv tilsvarende ein verdidifferanse på t.d. kr. 800,- er meiningslaust, og vil potensielt undergrave avkortingsreglane.

I ei sak for Borgarting lagmannsrett, LB-1998-641, var det mellom anna spørsmål om avkorting av arv. Her hadde tre søner, A, B og C alle fått arveforskot på høvesvis kr. 100 000,-, kr. 60 000,- og kr. 50 000,- frå far deira før han døydde. Lagmannsretten kom samrøystes til at differansane mellom det som var utdelt til kvar av dei tre ikkje var stor nok til at avkorting vart aktuelt overfor A og B.

Standpunktet til lagmannsretten er illustrerende ut frå at tidlegare utdelte verdier synast, til liks med mi tolking ovanfor, å inneha eit krav om at også differansen mellom dei utdelte verdiane må oppfylle vilkåra for «monaleg gåve». I dommen sprik verdiane med fleire titusenar, men det må likevel nemnast at det også var andre tilhøve som spelte inn og der son C, som hadde særlege behov, vart tilgodesett med mellom anna ein eigeidom då det vart skifta. I alle høve var det heller ikkje prov på at arvelatar hadde ønska eller meint at avkorting skulle føretakast på grunnlag av dei ulike verdisummane som sønene tidlegare hadde fått, og dette legg då og lagmannsretten til grunn at stengte for avkorting i det kontrekrete tilhøvet.

### **2.1.6 Krava til arvelatar si (eventuelle) avkortingsavgjerd**

Al. § 38, 1.pkt slår som nemnd fast at avkorting skal skje dersom «arvelatar har fastsett det», alternativt dersom det vert «godtgjort» at avkorting «vil vere i samsvar med føresetnadane til arvelatar».

Såleis nedfeller al. § 38 ikkje nokon automatisk avkortingsregel. Det er opp til arvelatar åleine å endeleg avgjere om ei «monaleg gåve» som dei andre livsarvingane ikkje har fått tilsvarende av, skal avkortast overfor gåvemottakaren eller ikkje. Men om arvelataren har gjeve «uttrykk for at avkortning ikke skal skje» eller om arvingane har «hatt rimelig grunn til å gå ut frå at avkortning ikke skal skje» kan ikkje arvelatar seinare «ensidig treffe bestemmelse om avkortning.»<sup>17</sup> Då vil det alternativt kunne avgjerast avkorting gjennom avtale, men her må livsarvingen som kan få avkorting mot seg samtykke til arvelatar før han døyr slik førearbeida formulerer seg på dette punkt, jf. sitatet.

Korleis avkorting generelt skal vere fastsett av arvelatar er det mindre strenge krav til i no gjeldande lov enn arvelova av 1854, jf. pkt. 1.2. ovanfor. I arvelova av 1854 § 14 var det

---

<sup>17</sup> Ot.prp.nr.36 (1968-1969) s.166.

som hovudregel krav til skriftleg form på eventuell avkortingsavgjerd, jf. ordlyden «forfattet Optegnelse eller andet dokument».

Etter førearbeida til nojeldande lov krev det etter departementets syn i staden «..positive holdepunkter for at avkortning er i samsvar med giverens vilje» etter føresejna i § 38.<sup>18</sup> Formkrava er såleis ikkje lenger gjeldande, sjølv om det kan vere ryddig å avtale skriftleg for å lettare kunne prove i ettertid når arvelatar ikkje lenger er i live.

Arvelovkomitèen hadde vidare i sitt utkast eit anna standpunkt enn det departementet valde til endeleg forslag. Komitèen meinte lova burde uttrykke ein avkortingsregel som ikkje var avhengig av at arvelatar uttrykkjeleg hadde ønska det. Det var gåva sin karakter objektivt sett som heller burde avgjere om avkortning i arv skulle skje etter komitèen sitt syn, og med det utfall at ei gåve «regelmessig ikke [anses] som avkortningspliktig, medmindre det fremstiller seg som utvilsomt om den kan karakteriseres som særlig og betydelig.» Då vil gåva måtte avkortast.<sup>19</sup>

Til dette forslaget fann arvelovkomitèen vidare ikkje behov for formkrav, kanskje nettopp som følgje av at avkortning skulle byggje på eit objektivt grunnlag? I så fall ville departementet hatt ein større invitasjon til å diskutere formkravet nærare i det den vedtekne avkortingsregelen i § 38, 1.pkt er gjort utprega subjektiv og avhengig av arvelatar si vilje.

Som eit alternativt vilkår til at avkortning må «fastset[jast]» av arvelatar, så kan det heller provast å vere «godtgjort» at avkortning var føresetnaden til arvelatar. Ei alminneleg språkleg forståing av å «godtgjere» at arvelatar sine føresetnader tilsa avkortning inneber at ein må ha haldepunkt som talar i retning av at arvelatar ville at avkortning skulle skje. Det kjem altså an på å prove arvelatar si vilje.

---

<sup>18</sup> Ot.prp. nr.36 (1968-1969) s.166.

<sup>19</sup> NUT 1962-2 s.205.

I lys av at dagens ordning er avhengig av arvelatar si vilje, anten som «fastsett» eller «godtgjort» i samsvar med arvelatar sine føresetnader, vil det vere opp til dei livsarvingane som ikkje er tilgodesett å finne prov for at avkorting var arvelatar si vilje.<sup>20</sup> Dette kan føre til mykje intern splid i ein familie og kan vere ei vanskeleg øving. Kva om arvelatar har formidla munnleg berre til tilgodesett livsarving kva for konsekvensar gåva skulle få ved endeleg arveoppgjær? Det er jo etter gjeldande lov som nemnd ingen formkrav, så formidlinga treng ikkje skje skriftleg. Vil dette vere nok for å avgjere om avkorting skal skje? Det kan fort oppstå situasjonar der det er tvil om kva arvelatar ønskja. Her vil det kunne kome til det punkt at dei som er tilgodesett teier dersom vedkomande har forstått at arveavkorting var meininga, eller motsett ikkje vert trudd. Hadde det vore formkrav til slike avgjerder, hadde ein unngått mykje av dette.

Her vil det heller kome an på gåvemottakars oppfatning av situasjonen. Om arvelatar t.d. ga vedkomande rimeleg grunn til å tru at avkorting i arv ikkje skulle skje som følgje av gåveoverføringa, så kan det ut frå fråsegn i førearbeida ikkje avkortast i arv seinare.<sup>21</sup> Motsett er det i utgangspunktet ikkje noko i vegen for at arvelatar ombestemmer seg til fordel for tilgodesett livsarving. Men her kan det fort verte dårleg stemning blant resterande livsarvingar som helst ser at gåva sin verdi skal avkortast ved arveoppgjæret til den aktuelle livsarvingen.

I dei tilfella der arvelatar har uttalt seg meir generelt om eit ønskje om å stille alle sine livsarvingar likt, så seier førearbeida at dette konkret bør kunne takast til inntekt for at avkorting skal skje etter § 38 ut frå omstenda.<sup>22</sup> Ein kan også tenke seg at han har handla etter eit slikt syn, t.d. ved å gje gåver til store hendingar i borna sine liv, men ikkje gjeve noko generell fråsegn om likestilling av arvingane ut frå gjevne gåver. Førearbeida nemner her at dersom arvelatar døyr før han rekk å vere til stades ved alle slike hendingar, så bør dette vere

---

<sup>20</sup> Ot.prp. nr.36 (1968-1969) s.166.

<sup>21</sup> Ot.prp. nr.36 (1968-1969) s.166-167.

<sup>22</sup> Ot.prp. nr.36 (1968-1969) s.166.

tilstrekkeleg grunnlag for å kunne avkorte i arven til borna som har fått utdelt gåver for å oppnå utjamning. Det må likevel gjerast ei konkret vurdering av tilhøvet.<sup>23</sup>

### **2.1.7 Avkortingspliktig gåve som kombinert disposisjon**

Ei avkortingspliktig gåve kan sjåast på som ein kombinert disposisjon i det den både har element av å vere livsdisposisjon og dødsdisposisjon. Sjølve gåva må vere ein livsdisposisjon, då det er ein føresetnad at arvelatar overfører den aktuelle gåva til livsarvingen når arvelatar er i levande live. Men sjølve avgjerda om at avkorting skal skje er ein dødsdisposisjon då dette utelukkande har med å gjere kva som skjer med fordelinga av arven arvelatar «let etter seg når han dør», jf. al. § 48, 1.ledd. Er dette tosidige momentet ved disposisjonen noko som tilseier at ein bør diskutere behovet for formkrav til disposisjonen likevel? Spesielt i lys av at departementet endra på lovforslaget frå arvelovkomitèen kva gjaldt objektive/subjektive vilkår for avkorting, men samstundes valde å halde på den delen av forslaget som dreia seg om formløyse, jf. tidlegare pkt. 2.1.6. Var lemping av formkrava i høve arvelova 1854 eit resultat av manglande vurdering frå departementet?

### **2.1.8 Forsikring og utlegg**

2.pkt i § 38 slår fast at vilkåra som gjeld for «monaleg gåve» etter 1.pkt, også skal gjelde «forsikring og utlegg e.l. til føremon for ein livsarving», men med dei unntaka for utlegg som følgjer av 3.pkt nedanfor. Då typisk utlegg som i utgangspunktet skal underleggjast avkortingsreglane lett vil kunne råkast av unntaksregelen i 3.pkt, innskrenkar dette 2.pkt sitt verkeområde noko.

Ei alminneleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at mellom anna dekking av gjelda til ein livsarving kan avkortast etter vilkåra i 1.pkt. Men ordlyden «til føremon» synast klart å innebere at det må vere snakk om «forsikring eller utlegg» som livsarvingen ikkje har noko

---

<sup>23</sup> Ot.prp. nr.36. (1968-1969) s.166.

plikt til å refundere overfor arvelatar sjølv. Derfor må ein skilje mellom lån som livsarving har fått hos arvelatar, og lån han har fått av t.d. ein bank. Lån som livsarvingen har fått av arvelatar, vil dersom dette ikkje vert kravd tilbakebetalt, gå under hovudvilkåra i 1.pkt. i staden, i det arvelatar her ikkje har hatt summar til «forsikring eller utlegg» overfor ein tredjepart.

Dagens regel i § 38, 2.pkt, er generell i si form gjennom berre ei tilvising til «forsikring» og «utlegg». Grunnen til dette er at det vart vurdert mest føremålstenleg og enkelt i førearbeida å ikkje ha med typetilfelle for kva som også skulle avkortast, på same måte som «monaleg gåve» i 1.pkt, utan å endre merkbart på realitetsinnhaldet i den gamle føresegna i tidlegare arvelov 1854 § 11. I føresegna, som må seiast å i sitt innhald å svare til dagens regel i § 38, 2.pkt, var det ei detaljert oppramsing av kva for type forsikringar og utlegg det var meint å også råke med avkortingsvilkåra i 1.pkt. Her var mellom anna nemnd at ytingar «der ere gjorte til Befordring af et Barns Velfærd t.Ex. ved Reiser, Ophold ved Universitetet o.s.v.» samt ytingar mellom anna til «Udstyr til Ægteskab, dets Anbringelse i en nyttig Levevei, Indfrielse af dets Gjeldsforpligtelse, Indskud for samme i Enkekasse, Livrente- eller Understøttelses-Selskab» kunne føre til avkorting seinare. I lys av samfunnsutviklinga som har funne stad sidan arvelova 1854 og eit mål om stadig enklare reglar generelt er det forståeleg å fjerne slike oppramsingar.

I ei sak for Jæren heradsrett, referert i RG 1991 s.1128, var det spørsmål om avdød arvelatar A, som sat i uskifte, si innfriing av livsarving B si gjeld, kunne avkortast etter reglane i al. § 38, 2.pkt, jf. 1.pkt. B hadde fått A til å kausjonere for seg i samband med opptak av lån til å drifte ei matkro. Då kroa gjekk konkurs eitt års tid etter, tok A på seg gjeldsbyrda på ca. kr. 440 000,- som følgde av konkursen. Det var i retten semje mellom partane om at B i form av B si innfriing av gjelda hadde motteke ei «monaleg gåve» etter § 38, 1.pkt, men det var strid om arvelatar sine ønskjer. Heradsretten kom samrøystes til at det var haldepunkt for at A ønskja å stille borna sine likt ved eit arveoppgjer, og at alle vilkåra for avkorting som følgje av innfriing av gjeld var til stades. Avkorting av A sin arv vart føreteke med kr. 400 000,-.

Dommen frå Jæren heradsrett etterlet inga tvil rundt «utlegg» i § 38, 2.pkt, men viser at det klart er vurderinga frå 1.pkt som må gjennomførast for å avgjere den konkrete saka, slik at arvelatar sine ønskjer kan skjære av avkortingsmoglegheiter også for utlegg. Dersom ein nyanserer sakstilhøvet i dommen noko og legg til grunn at lånet til matkrodrifta ikkje kom frå banken, men frå faren til innehavaren sjølv, så ville det ikkje vore eit «utlegg» i § 38, 2.pkt sin forstand. Då er det snakk om ei «gåve» etter 1.pkt som må oppfylle vilkåra elles for å kunne avkortast. I realiteten vil resultatet verte det same, det er berre partstilhøva som er ulike.

### **2.1.9 Kva kan ikkje avkortast?**

I § 38, 3.pkt er det nedfelt at «[u]tlegg til underhald, sjukehjelp og utdanning blir ikkje rekna som forskot når det berre gjeld oppfylling av den plikt foreldre har til oppfostring av barna.»

Dette er etter ordlyden alle ytingar som kan kome opp i eit såpass omfang at det er eigna til å innfri vilkåret om «monaleg gåve» i 1.pkt. Men i det slike utgifter fort kjem inn i kategorien for oppfostringsplikt, er dette i lova sett som unntak frå avkortingsreglane. Og ytingar som typisk er omtala som plikt, utelukkar jo også i seg sjølv at ytinga kan vere ei gåve. Slik vil ikkje ein livsarving sin arvelott verte påverka negativt sjølv om dei føresette sine utlegg til t.d. alvorleg sjukdom har vore omfattande og såleis redusert buet når utrekning av arvelott skal gjerast. Vidare slår førearbeida mellom anna fast at «[f]oreldrene kan dog ha en videregående plikt til å bekoste utdanning, nemlig når dette er rimelig etter deres økonomiske stilling og etter barnets evner, interesser og øvrige forhold» og at spørsmålet om kor langt underhaldsplikta gjeld, «kan derfor måtte avgjøres på skjønnsmessig grunnlag.»<sup>24</sup>

Arvelovskomiteen meinte i arbeidet med arvelovsforslaget før 1972 at unntaksregelen for avkorting likevel ikkje skulle gjelde der arvelatar etterlet seg uforsørgja born. Bakgrunnen for dette standpunktet er at det ville vore urimeleg dersom t.d. det yngste bornet på grunn av sin unge alder i høve eldre born, skulle stillast dårlegare fordi ein forelder gjekk bort før bornet

---

<sup>24</sup> NUT 1962-2, s.205.

fekk fullført utdanning osv. Her vil avkorting likevel verte aktuelt overfor den/dei av borna som har fått utdanninga fullført ved hjelp av midlar frå foreldre, slik at likskapsprinsippet slår inn.<sup>25</sup>

Her kan det også nemnast at ein har ein regel i al. § 36 for dei tilfella der arvelatar døyrr før alle borna har fått fullenda oppforstringa si. Dersom dette er tilhøvet, vil bornet/dei av borna ha «.krav på ein sum av buet som forlott til å sikre livsopphald og utdanning dersom dette er rimeleg etter tilhøva.». Dette er såleis ein kompensasjonsregel som kan tre inn i staden for å diskutere eventuell avkorting. Sjå også barnelova frå 1981 kap.8.

Vidare påpeiker førearbeida at der foreldre har ytt midlar til t.d. berre eitt av borna, men dette er skjedd på grunnlag av «tjenester som barna har ytet foreldrene», så er det rimeleg at dette ikkje bør føre til avkorting overfor den aktuelle livsarving.<sup>26</sup> T.d. pleie og stell som følgje av sjukdom eller alderdom hjå foreldra.

---

<sup>25</sup> NUT 1962-2, s.205. Jf. også tilvising til komiteen sitt standpunkt i Ot.prp.nr.36 (1968-1969) s.166.

<sup>26</sup> Ot.prp.nr.36 (1968-1969), s.167.



# 3 Gjennomføring av arveavkorting

## 3.1 Vilkåra i al. § 38 kvalifiserer til avkorting

Dersom ein ut frå innhaldet i al. § 38 har konstatert at alle vilkåra for å kunne avkorte er oppfylte, må ein vidare sjå på korleis avkortinga skal gjennomførast. Ein har gjerne ein situasjon der ein av livsarvingane tidlegare har fått ein eigedom overdrege til seg, anten vederlagsfritt eller mot ei delvis motyting. Eller t.d. der pengeverdiar er delt ut, men ikkje til alle livsarvingane. For å vite kva for grunnlag avkortinga skal byggje på, er det i al. §§ 39-43 laga reglar om nettopp gjennomføringa. Dette er reglar om korleis beløpet av avkortingssummen skal konstaterast og verte mest rettferdig ut frå tilhøva, men også mellom anna om korleis avkortingsmoglegheitene stiller seg at ut frå kva type midlar som den «monaleg[e] gáv[a]» kjem frå. Kjem den frå særeigemidlar eller felleseigemidlar? Og korleis påverkast rettane til ei eventuell attlevande ektefelle av arveavkortingsreglane? Dette er tema i denne delen av framstillinga.

## 3.2 Kva avgjer avkortingssummen?

### 3.2.1 To typetilfelle regulert i § 40

Føresegna i al. § 40 regulerer korleis ein skal rekne ut verdien for gåva som det skal avkortast på grunnlag av. Den inneheld høvesvis ein hovudregel for tilfella der arvelatar ikkje har fastsett avkortingssum, og der arvelatar har gjort det.

### 3.2.2 Avkorting der arvelatar ikkje har fastsett sum

Utgangspunktet der det ikkje er fastsett noko sum er at «verdien av forskottet då det vart gitt» skal leggjast til grunn, jf. § 40, 1.pkt. Altså er det som regel heilt utan påverknad kor lenge sidan gåva, t.d. fast eigedom, aksjar eller pengegåver, vart gjeve og utviklinga i pengeverdien

sidan då. For å unngå dei mest urettmessige utfall, er det i lovteksten presistert «dersom dette [leggje verdien på gåvetidspunktet til grunn] ikkje ville vere openbert urimeleg.»

Vilkåret «openbert urimeleg» inneber i utgangspunktet ein høg terskel for at noko anna enn gåveverdien på ytingstidspunktet skal kunne leggjast til grunn. Vilkåret gjev moglegheit til eventuell revisjon av opphavleg avkortingssum, men har ei snever rekkjevidde, jf. ordlyden. I ei vurdering av om avkortingssummen er «openbert urimeleg» med grunnlag i verdien på ytingstidspunktet, så kan det mellom anna takast omsyn til om verdiendringa i gåva er påreknleg, kvifor endringa har skjedd og kor stor verdiendringa er i høve gåveoverføringa.<sup>27</sup>

Eit tenkt høve som kan oppfylle vilkåret kan vere der det er lenge sidan gåva vart ytt og der det har skjedd uventa endringar i pengeverdien sidan den gong. Ein må leggje til grunn at verdiendringa må vere betydeleg i høve gåveverdien i seg sjølv.<sup>28</sup> Endringar i pengeverdien som på den andre sida må påreknast naturleg, skal ikkje takast omsyn til.<sup>29</sup>

Som følgje av den høge terskelen ordlyden «openbert urimeleg» set opp, så vil dei fleste avkortingssummane etter 1.pkt verte fastsett tilsvarande gåva sin verdi på ytingstidspunktet. Men i det både arvelovskomiteèn og departementet har sett det som lite rimeleg å skulle ha ein vilkårslaus regel om verdivurdering på gåvetidspunktet, så er det klart at unntaket frå regelen er viktig å vurdere. Dette først og fremst med omsyn til likefordelinga mellom livsarvingane til arvelatar.<sup>30</sup> Der det er snakk om dei mindre verdisvingingane, er det då klart at gåvemottakaren sjølv ber risikoen for desse endringane, både negativt og positivt.

Som illustrerande døme kan det visast til ein dom frå Gulating lagmannsrett, LG-2001-1963. Der vart det spørsmål om avkortingssum etter al. § 40 fordi attlevande ektefelle (A), som sat i

---

<sup>27</sup> Giertsen: *Generasjonsskifte*, s.220.

<sup>28</sup> Giertsen: *Generasjonsskifte*, s.220.

<sup>29</sup> NUT 1962-2, s.209-210.

<sup>30</sup> NUT 1962-2, s.209-210 og Ot.prp.nr.36 (1968-1969) s.168.

uskifte, hadde overført ein av tre eigedommar til dotter si (B) i 1977 for kr. 43 500,-. Skattefuten sette eigedomens salsverdi til ca. kr. 160 000,- året etter, og det var såleis heva over tvil at overdraginga i 1977 hadde klare element av gåve i seg. Det var den eine (C) av dei to andre livsarvingane som framstilte krav om avkorting tilsvarande gåvedelen av overføringa, med oppjustering av avkortingssummen til verdien av eigdommen på skiftetidspunktet. Slik at arvelottane til både B, C og den tredje livsarving, D, vart om lag like.

Brøken på gåva til B gjennom eigedomsoverføringa hadde lagmannsretten eit anna syn på enn skifteretten og fastsette brøken til  $\frac{1}{2}$ , mot tidlegare  $\frac{73}{100}$ . Dette ut frå det faktum at C og D før B fekk overta eigdommen, hadde fått pengegåver pålydande høvesvis kr. 28 000,- og kr. 37 000,-, slik at gåveelementet til B i den overførte eigdommen, vart noko redusert. Men det var vidare semje mellom instansane om kva avkortinga skulle svare til.

Lagmannsretten kom, til liks med tingretten, til at det måtte vere «openbert urimeleg» å basere avkortinga berre på gåveelementet av overføringa i 1977, som ut frå lagmannsretten si vurdering i så fall skulle svare til kr. 80 000,- - halvdel av marknadsverdien til eigdommen på gåvetidspunktet. Dette hovudsakleg fordi eigdommen hadde stige særdeles mykje i verdi, frå nemnde kr. 160 000,- i 1977 til kr. 2 280 000,- på skiftetidspunktet, trekt frå opprustingsarbeid som er gjort av B etter at ho overtok eigdommen.

Dersom verdien av forskotet B fekk i 1977 skulle vore lagt til grunn «vil hun i tillegg til verdistigningen på denne eiendom også motta en andel av verdstigningen på de øvrige to eiendommer i boet, kun med et fradrag på kr 80.000 [*gaveelementet av overføringen i 1977*]. Et slikt resultat fremtrer som åpenbart urimelig etter alminnelige rettfærdsbetraktninger», jf. LG-2001-1963 (mi tilføyning i klammer). Lagmannsretten tiltrådte med dette skifteretten sitt standpunkt i saka, og det vart endeleg føreteke ei oppjustering av avkortingssummen overfor saksøkte. Slik måtte ho under skiftet tole avkorting stor kr. 1 140 000,-, som då svarte til den halvdel som utgjorde gåveelementet i overføringa tilbake i 1977.

### **3.2.3 Arvelatar har fastsett ein sum**

Der arvelatar har fastsett ein avkortingssum, er hovudregelen at denne «skal [...] leggjast til grunn..». Arvelatars fastsette sum kan likevel ikkje leggjast til grunn dersom den må «reknast for å vere for høg», jf. 2.pkt. For å kunne avgjere om summen er for høg eller ikkje, vert det avgjerande å samanlikne avkortingssummen som arvelatar har fastsett for tilgodesett livsarving med verdien av det den/dei andre livsarvingane har fått overført til seg i det endelege arveoppgeret.<sup>31</sup> Dersom avkortingssummen etter dette viser seg å vere for høg, skal det sjåast bort frå fastsetjinga til arvelatar, jf. § 40, 2.pkt.

Det kan sjølvsagt også tenkjast at avkortingssummen av arvelatar er fastsett lågare enn det som eigentleg er verdien. Etter førearbeida bør arvelatar stå fritt til å gjere dette utan at det skal endrast på, nettopp fordi arvelatar også kan avgjere å ikkje gjere den ytte gáva avkortingspliktig i det heile.<sup>32</sup>

### **3.2.4 Korleis er tilhøvet mellom reglane i 1. og 2.pkt? Rt.1996 s.710**

Det kan ut frå lovteksten synast som om 1. og 2.pkt i § 40 er uavhengig av kvarandre og såleis ikkje skal blandast, då dei tek sikte på å regulere to ulike typetilfelle, jf. over. Dette er det kome avklaring på gjennom Høgsterett sin dom referert i Rt.1996 s.710.

Dommen omhandla korleis arven skulle fordelast mellom to brør etter at far deira, som sat i uskifte etter si kone, døydde i 1991. Sentralt i saka var spørsmål om avkorting, i det den eldste sonen (A) til arvelatar hadde fått overdrege ei tomt, Nygårdsveien 8, til seg som arveforskot i 1975. Denne tomta var utskilt frå Nygårdsveien 4, som bestod av to tomter, slik at faren i

---

<sup>31</sup> Giertsen: *Generasjonsskifte*, s.219

<sup>32</sup> NUT 1962-2, s.209

1975 beholdt den resterande tomte. På overdragingstidspunktet var tomte Nygårdsveien 8 målt til 1,6 mål og hadde ein maksimumsverdi på kr. 40 000,-. Testamentet etter faren i 1991 vart for Høgsterett forstått slik at det skal avkortast i A sin arv tilsvarande verdien av den resterande tomte i Nygårdsveien 4 på arvefallstidspunktet. Den resterande tomte var yngstesonen (B) tilgodesett med i testament. Denne tomte var ca. 1,1 mål stor og taksert til kr. 550 000,- i ifølgje skifteovertakst rundt arvefallstidspunktet.

I det arvelatar i testamentet hadde fastsett avkortinga indirekte ved å setje avkortinga til verdien av den resterande tomte i Nygårdsveien 4, meinte eit samrøystes Høgsterett at ein måtte ta utgangspunkt i regelen i § 40, 2.pkt. Men dei meinte i denne samanheng at regelen i 2.pkt og vurderinga av om den fastsette avkortingssummen er «for høg» måtte basere seg på ei vurdering etter 1.pkt.<sup>33</sup>

For Høgsterett var det semje mellom partane om at alle vilkåra for avkorting etter al. § 38, var oppfylte. Det avgjerande spørsmålet var kva for tidspunkt som skulle leggjast til grunn ved verdisetjinga av arveforskotet som A fekk i 1975 ved overdraginga av tomte. Dersom det *ikkje* ville vere «openbert urimeleg» å avgrense avkortinga overfor A til den verdi tomte han overtok, hadde på overtakingstidspunktet i 1975, jf. 1.pkt, så må avkortingssummen som arvelatar har fastsett setjast til side fordi den er «for høg», jf. 2.pkt.<sup>34</sup>

Som nemnd under pkt. 3.2.2 så skal det nokså sterke haldepunkt til for å konstatere at å ta utgangspunkt i verdien av avkorting på overdragingstidspunktet er «openbert urimeleg», jf. § 40, 1.pkt. Dette nemnde også Høgsterett. Fleirtalet framheva likevel at eit tenkjeleg unntak er der arvelatar vel å gje sine livsarvingar ytingar/gåver på ulike tidspunkt, men likevel med eit mål om likestilling av dei for auget og at også endringar i pengeverdien bør leggjast vekt på i slike høve.<sup>35</sup>

---

<sup>33</sup> Rt.1996 s.710 på s.719.

<sup>34</sup> Rt.1996 s.710 på s.719.

<sup>35</sup> Rt.1996 s.710, på s.720.

Fleirtalet meinte i tråd med førre avsnitt at arvelatar si avgjerd om avkorting i testamentet må kunne leggjast vekt på dersom testasjonen er gjort på grunnlag av eit ønskje om å likestille sine arvingar. I tillegg framhevar fleirtalet at arvelatar i eit slikt høve er den som nok uansett er best rusta til å avgjere kva som medverkar til likestilling av arv mellom hans eigne søner.

Med tanke på prisveksten som det er heva over tvil at har funne stad mellom 1975 og 1990-talet, så kan det synast som om arvelatar ikkje såg nokon annan måte å likestille sine søner enn å avkorte i arven til A tilsvarende tomteverdien av den resterande tomta i Nygårdsveien 4.

Resultatet av ei eventuell avkorting berre tilsvarende tomteverdien i 1975 av den tomta A fekk då, sto for fleirtalet i Høgsterett fram i klar retning av «openbert urimeleg», jf. § 40, 1.pkt. Dette med bakgrunn i at B då måtte ha delt tomta i Nygårdsveien 4 med broren og såleis enda opp med mykje mindre i arv som følgje av at A berre fekk avkorta kr. 40 000,- for si eiga tomt i 1975.<sup>36</sup>

Vidare trekte fleirtalet også fram at tomta A fekk overdrege i 1975 «åpenbart ikke [var] den minst verdifulle, hensett til beliggenheten og til muligheten for oppdeling»<sup>37</sup> dersom ein samanliknar med tomta B fekk overta då arvelatar døyde. Dette også med tanke på at tomta A fekk, var 0,5 mål større enn den B fekk ved testament i 1991.

Mindretalet på si side meinte at saka ikkje hadde noko spesielt ved seg som tilsa at unnataket i § 40, 1.pkt kom til bruk. Mellom anna i det mindretalet la vekt på at testamentet til arvelatar tyder på at overføringa av den resterande tomta til B var meint som ein økonomisk kompensasjon for den tomta A i 1975 fekk overdrege som arveforskot. Slik ville B ved å selje

---

<sup>36</sup> Rt.1996 s.710, på s.720.

<sup>37</sup> Rt.1996 s.710, på s.720.

tomta verte likestilt med det A fekk av verdiar tidlegare. Andrevoterande, som del av fleirtalet, framhevar og då at den aktuelle tomte som B arva etter faren no er seld.<sup>38</sup>

Frå dommen kan ein slutte at prisendringar som har funne stad over fleire tiår, klart vil kunne påverke kva for avkortingssum ein skal leggje til grunn etter al. § 40, jf. fleirtalet i dommen. Samstundes er dette ein dom avsagt under sterk dissens, ei omstende som i seg sjølv svekkjer prejudikatsverdien noko. Likevel er det mest interessante med dommen korleis Høgsterett ser på samanhengen mellom 1. og 2.pkt i al. § 40. At dommarane er samrøysta om at 2.pkt må vurderast på bakgrunn av regelen i 1.pkt, er ei avklaring som har prejudikatstyngde. Usemja om resultatet blant dommarane gjekk først og fremst på tolkinga av det arvelatar hadde fastsett i testamentet og ønskje om likestilling av sønene sine, og at det var ulike syn blant fraksjonane om kva for løysing likestillingsomsynet tala for i al. § 40.

### **3.2.5 Kan terskelen for «openbert urimeleg» justerast?**

Giertsen har aktualisert om terskelen for å oppfylle vilkåret i al. § 40 «openbert urimeleg» kan justerast i lys av innføringa av avtl. § 36 i 1983.<sup>39</sup> I avtl. § 36 er det reglar om avtalevilkår og kor vidt slike kan vere gyldige under visse tilhøve. Terskelen for å kjenne eit vilkår ugyldig etter føresegna, er om det må sjåast «urimelig» å gjere vilkåret gjeldande.

Giertsen spør om ikkje innføringa av avtl. § 36 går i retning av at domstolane er meir opne for å revidere privatrettslege disposisjonar enn tilfellet var då arvelova kom i 1972.<sup>40</sup> Er det ein god grunn til at ein opererer med tilsynelatande ulike tersklar for at ein ikkje skal finne seg i å godta vilkår og avgjerder?

---

<sup>38</sup> Rt.1996 s.710, på s.718.

<sup>39</sup> Giertsen: *Generasjonsskifte*, s.220

<sup>40</sup> Giertsen: *Generasjonsskifte*, s.220.

Avtl. § 36 (1) har denne ordlyden:

*«En avtale kan helt eller delvis settes til side eller endres for så vidt det ville virke **urimelig** eller være i strid med god forretningsskikk å gjøre den gjeldende. Det samme gjelder ensidig bindende disposisjoner.» (mi utheving)*

Denne føresegna om tilsidesetjing av avtalar kan ved første augekast synast å ha nedslagsfelt også utanfor avtalelova sitt område. Men avtl. § 41, som er slutføresegna i lova, nedfeller at lova «gjælder bare paa formuerettens omraade».

Med dette bakteppet må ein difor skilje mellom avtalerettslege disposisjonar og arverettslege disposisjonar, slik at avtl. § 36 ikkje kan ha nokon direkte innverknad på innhaldet i arvelova § 40. Vidare sjåast reguleringa av ei gåve sine eventuelle verdisvingingar i al. § 40 som ei uttømmende regulering av korleis ein skal fastsetje avkortingssummen ved avkorting i arv, jf. ordlyden. Dermed kan avtl. § 36 i utgangspunktet heller ikkje nyttast som tolkingsmoment, meiner Giertsen.<sup>41</sup>

Giertsen peiker likevel på at Høgsterett i ei sak innan familieretten om tolkinga av ekteskapslova 1918 § 59, 2.ledd, om revisjon av fellesskifteavtalar, la vekt på mellom anna «etterfølgende omstendigheter [si betydning] ved avtalerevisjon» med tilvising til avtl. § 36.<sup>42</sup> Dette kan i seg sjølv vere teikn på at Høgsterett ikkje utelukkar at innhaldet i § 36 er legitimt å bruke som tolkingsmoment utanfor området til den reine formueretten likevel.

Denne tanken er ikkje ulogisk. Avtalar har vore ein naturleg del av mange andre rettsområde enn formueretten i lange tider. Og det at ein disposisjon har t.d. både avtalerettslege og arverettslege trekk ved seg, burde i alle høve tilseie at det må vere opning for å trekke inn ein sentral rettsleg standard som avtl. § 36 som tolkingsmoment. I alle fall der ein har vanskeleg for å kome til ei fornuftig løysing etter berre arverettslege reglar.

---

<sup>41</sup> Giertsen: *Generasjonsskifte*, s.220.

<sup>42</sup> Giertsen: *Generasjonsskifte*, s.220 med tilvising til Rt.1990 s.1099, på s.1102.



Aktualiteten av denne poengteringa om den høge terskelen i al. § 40, vil derimot svekkjast noko dersom det nye arvelovsforslaget som ligg på bordet vert vedteke i den føreslegne forma. Her er den omtala terskelen teke vekk. Meir om dette seinare i framstillinga.

### **3.3 Gåva overstig livsarving sin arvelott**

I einskilde høve kan det tenkjast at den avkortingspliktige gåva er så stor at den overstig arvelotten til tilgodesett livsarving. Alternativt overstig kanskje avkortingssummen arvelotten fordi buet aldri har vore mykje verdi i, slik at kvar arvelott i utgangspunktet er liten. Elles kan det også tenkjast at storleiken på buet var stor på tidspunktet då gåva vart gjeve, men er vorte sterkt redusert i ettertid. I desse høva er det nedfelt i al. § 41 at vedkomande livsarving likevel «ikkje [vert] skyldig buet noko, med mindre anna er fastsett då forskottet var gitt».

Dersom ein ser på ordlyden i føresegna, kan denne framstå noko merkeleg. Føresegna framstiller problemstillinga med overskriding av arvelott som eit spørsmål om den aktuelle arving skal verte skuldig «buet» noko. Med arveavkorting sitt verknadsområde som bakteppe, at reglane berre har noko å seie for den interne arvefordelinga mellom livsarvingar, så er det uansett ikkje «buet» tilgodesett livsarving vert «skyldig [...] noko». Det må i så fall vere dei resterande livsarvingane som frå før av ikkje er tilgodesett. Men dette er likevel eit poeng av underordna meining, i det det eventuelt må føreliggje avtale frå forskotstidspunktet om at det som overskrid arvelotten skal fordelast på dei andre livsarvingane, jf. siste del av ordlyden.

Trass i noko uklar ordlyd vil arven etter arvelatar her som klart utgangspunkt verte fordelt mellom resterande livsarvingar, då tilgodesett livsarving har fått over sin lott. Dersom ein tenkjer seg at det er tre livsarvingar, A, B og C. Av desse er livsarving B frå før av tilgodesett med ei hyttetomt til ein verdi fastsett til kr. 400 000. Denne har han fått vederlagsfritt av

arvelatar. Summen på kr. 400 000,- skal som klart utgangspunkt avkortast fullt ut, men då dødsbuet etter arvelatar ikkje er så stort, tilsvarar arvelotten til A og C at desse ikkje får meir enn kr. 300 000,- kvar, også i det verdien av hyttetomta ikkje skal telje med i dødsbuet. Dermed vert det ikkje høve til at B får avkorta verdien av hyttetomta fullt ut, og det skil dermed kr. 100 000,- mellom det A og C får, og det B får i arveoppgjeret etter arvelatar. Om B eventuelt skulle ha vore plikta til å føre noko av verdien av tomta tilbake til buet, måtte her ha vore basert på tidlegare inngått avtale, jf. denne moglegheita i § 41.

Denne løysinga er etter arvelovsutvalet opplagt og klar då tilgodesett livsarving har fått den aktuelle gåva medan arvelatar framleis var i live og slik visste lite om kva tilfellet kom til å vere ved arvefallet seinare. Føresegna har i seg sjølv teke atterhald for at det kan ha vore bestemt på gåvetidspunktet at tilgodesett livsarving må tilbakeføre delar av verdien, slik at denne og syskena arvar likt av det arvelatar etterlet seg, jf. § 41. Dette må likevel leggjast til grunn å vere ein situasjon som ikkje spesielt mange tenkjer på ved tidspunktet for gåveytinga.

### **3.4 Tilgodesett livsarving døyr før arvelatar**

Føresegna i § 42 regulerer dei tilhøva der ein livsarving som i utgangspunktet må tole avkorting i arv, døyr før arvelatar. Her nedfeller lova at avkorting då i staden skal gjerast «andsynes livsarvingane hans», jf. al. § 42.

Dette inneber at det då er avdøde livsarving sine egne livsarvingar som må tole avkorting i staden, altså borneborna til arvelatar. Føresegna i § 42 samsvarar med realiteten i § 17 i arvelova 1854 og er etter arvelovkomitèen å sjå som «en naturleg konsekvens av vårt representasjonssystem i arveretten».<sup>43</sup>

---

<sup>43</sup> NUT 1962-2, s.210

Eit tenkt døme er der arvelatar sin eigen livsarving får kr. 100 000,- i gåve og det vert bestemt at denne gåva skal avkortast overfor livsarvingen seinare. I mellomtida døyr derimot livsarvingen, slik at denne gåva aldri vert avkorta overfor denne. Lagt til grunn at livsarvingen etterlet seg eigen eller eigne livsarvingar, så skal avkortinga då verte gjort gjeldande overfor desse i staden. Då med å avkorte anten kr. 100 000,- dersom det berre er eit borneborn, eller med kr. 50 000,- dersom det er to livsarvingar etter arvelatar sin eigen livsarving.

Såleis er det klart at avkorting i arv potensielt kan hoppe over eit ledd i høve der det eigentleg skulle skjedd avkorting. Dette uavhengig av om neste ledd har nytt godt av arveforskotet som arvelatars eigen livsarving tok imot då vedkomande var i levande live. Dette er likevel både ei rimeleg og logisk ordning i det eit borneborn normalt får ein større arv frå sin avdøde forelder på grunn av det arveforskot som forelderen fekk då han/ho var i live.

## **3.5 Korleis avkorte i felleseigemidler?**

### **3.5.1 Presentasjon av al. § 39**

Arvelova § 39 inneheld ein meir teknisk regel samanlikna med t.d. vilkårsregelen i § 38. Føresegna i § 39 nedfeller at om det er gjeve «forskot til sams livsarving etter ektemakane» og dette er av midlar som «blir rekna som felleseige når den eine ektemaken er død», så skal arveavkorting gjerast «i arven etter førstavdøde når det blir skift medan lengstlevande er i live», jf. 1.pkt. Avkorting utover dette skal gjerast «etter at lengstlevande er død» om dette er naudsynt, jf. 2.pkt.

Denne føresegna er ei nokså presis attgjeving av arvelova 1854 § 13. Ein føresetnad for å kunne avkorte her er, som det er nedfelt, at vedkomande livsarving er felles for ektemakane.

Poenget med føresegna er at der forskotet er av felleseigemidlar på tidspunktet for arvelatars død, så skal avkorting skje ved skifteoppgjjer når lengstlevande er i live. Etter el. § 58 er «felleseie» eit omgrep som nyttast hovudsakleg i samanheng med fordelinga når eit ekteskap opphøyrer ved anten skilsmisse eller dødsfall. Har ein felleseige i eit ekteskap, vil dette innebere at dei midlane som inngår i felleseige, *som utgangspunkt* vil verte delt likt når arvelott skal utdelast, i denne samanheng når ei ektefelle døyr, jf. al. § 39, jf. el. § 58.

Etter føresegna i al. § 39 er det *ikkje når eller kor lenge* midlar har vore felleseigemidlar som avgjer avkorting, men at dei aktuelle midlane som det er gjeve gåve frå, er å sjå som felleseige på det tidspunktet den første ektemaken døyr. Men det er klart at korleis midlane vert felleseige, også er av interesse. Og korleis stiller føresegna seg til avdøde sine sær eigemidlar? Dette kjem eg tilbake til under.

Regelen i al. § 39 påverkar ikkje retten for attlevande ektemake til å sitje i uskifte etter al. § 9. Retten til å sitje i uskifte etter avdød ektemake inneber at attlevande ektemake vert gjeve rett til «å ta over felleseiga uskift med førstavdødes andre arvingar etter loven», jf. al. § 9 (1). Denne retten kan også omfatte avdøde sine sær eigemidlar, jf. al. § 9 (2), jf. el. § 43. I realiteten inneber eit val om å sitje i uskifte at arveoppgjjeret etter førstavdøde vert utsett. Anten heilt til den attlevande ektemake også døyr, eller til attlevande ektemake vel å skifte uskiftebuet før sin eigen død.

I ein dom referert i Rt.1949 s.49 vart det avgjort at avkorting i arv overfor felles livsarving (B) måtte vere mindre enn det som attlevande ektefelle (L) i testament hadde fastsett. L, som sat i uskifte, hadde oppretta testament mykje fordi alle hennar born skulle verte likestilt kva gjaldt arv etter ho og F. B hadde då både F og L var i live, fått ei gåve til verdi av kr. 5 000,-. Vilkårå i dågjeldande arvelov (1854) § 13, dagens § 39, var oppfylte. Men i det gåva til B var ytt av begge ektefellene og førstavdøde ektefelle (F) ikkje hadde uttrykt ønskje om avkorting overfor B før F døyde, så var ikkje vilkårå for å kunne avkorte i F sin del av felleseiget overfor B til stades. Ut frå dågjeldande lov, hadde L berre rett til å påby avkorting overfor B

ut frå hennar del av det som var felleseige på dødsfallstidspunktet til F. I sakstilfellet svara dette til kr. 2500,- i staden for kr. 5000,-.

Den refererte saka over peiker på noko sentralt. Dersom gåva er ytt av begge ektemakane saman, så har attlevande ektemake berre rett til å påby avkorting for sin del av felleseiget dersom avdøde ektefelle ikkje ga uttrykk for avkorting før sin død, sml. vilkåra for avkorting i al. § 38. Det kan godt tenkjast at saka hadde fått eit anna utfall i lys av dei noko lempelegare krava til arvelatars ønskje om avkorting i dagens al. § 38, jf. over, men dette er langt frå sikkert. For dei som tykkjer summene i saka var veldig låge, må ein ta omsyn til at dommen er frå ei tid tilbake.

Dersom attlevande ektemake ikkje ønskjer å sitje i uskifte når den andre ektemaken dør, så kjem føreseigna til bruk med ein gong. Då skal det føretakast skifte etter lov om skifte (sl.) sine reglar, jf. sl. § 60, jf. § 124. Vidare er forskotet gjerne ytt då førstavdøde ektemake framleis var i live, men det er utan innverknad kven av ektemakane som har ytt forskotet.

Til illustrasjon kan ein tenkje seg ein situasjon der ekteparet F (førstavdøde) og L (lengstlevande) begge lever, og har borna A og B. Ektemakane har fullstendig formuefellesskap/felleseige. På eit tidspunkt vel F å gje ei gåve på kr. 500 000,- til born A, utan at B får tilsvarande. Ei tid seinare dør ektemake F, og L ønskjer at det skal føretakast skifteoppgjjer med ein gong. Felleseigemidlane viser seg på dette tidspunktet å vere på totalt kr. 2 000 000,-. Her har L som attlevande ektemake rett på å ta ut halvparten som bulott, jf. ekteskapslova (el) § 77 (1), jf. § 58 (1), altså for dette høvet kr. 1 000 000,-.

Det resterande av felleseige er då kr. 1 000 000,-. Då A har fått gåve frå felleseigemidlar pålydande kr. 500 000,-, har B i utgangspunktet rett på å ta ut kr. 500 000,-, slik at A får avkorta denne summen i sin arvelott. Her kjem også L sin rett til minstearv på 4 G inn dersom ¼ av F sin felleseigedel svarar til mindre enn 4 G, jf. al. § 6, jf. folketrygdlova § 1-4. I dette konkrete høvet vil L ha rett på 4 G, altså den største summen av alternativa, om lag kr.

360 000,-.<sup>44</sup> Det som står att av buet etter at B har fått ut kr. 500 000,- forlotts og attlevande ektemake har fått 4 G, vil då kunne delast likt mellom A og B.

Dersom ein tenkjer seg at buet etter F er på kr. 700 000,- i staden for kr. 1 000 000,-, så vil ikkje dette vere stort nok til å utjamne skilnaden på det A tidlegare har fått i gåve, dersom også L skal få sin minste arv på 4 G. Dette må i så fall løysast med at A også må tole avkorting tilsvarande det B ikkje har fått når L ein gong dør, jf. § 39, 2.pkt. Men då leggjast det til grunn at L etterlet seg verdiar minst det som utgjer mellomverande som A alt har fått utdelt, og det B foreløpig fekk ved skifte etter F, etter at gjeld er trekt frå. Den delen av arven som overstig den mellomverande summen, skal som utgangspunkt delast likt mellom borna.

### **3.5.2 Kan gåve frå sær eigemidlar føre til avkorting i felleseigemidlar?**

Føresegna i § 39 tek berre føre seg forskot som kjem frå det som er felleseigemidlar når den eine ektemaken dør. Dette inneber at dersom ei gåve til ein felles livsarving vert ytt frå sær eigemidlar, og midlane framleis er sær eige når den eine ektemaken dør, så kan ikkje gåva avkortast etter reglane i arvelova, men då eventuelt etter sjølvstendig avtale eller andre lover. I el. § 42 (3) er det fastsett at ektemakane kan inngå ektepakt om at sær eigemidlar skal verte rekna som felleseige når den eine ektemaken dør. Dersom dei inngår slik ektepakt, så vil ei gåve som opphavleg er ytt frå sær eigemidlar, kunne avkortast i arv fordi denne vert del av felleseigemidlar når den eine ektemaken dør, jf. ektepakta.

## **3.6 Arvelova § 43 – attlevande ektemake sine rettar**

---

<sup>44</sup> 1 G utgjer pr. 01.05.2015 kr. 90 068, jf. forskrift om grunnbeløp, reguleringsfaktorer mv. Sjå òg ftrl. § 1-4.

Av al. § 43 går det fram at avkorting etter reglane i §§ 38-42 ikkje skal ha «noko å seie for den rett attlevande ektemake har til part av buet og for retten til arvelataren til å rå over arven med testament». Dette er hovudregelen «[n]år ikkje anna er avtalt», jf. § 43, eit fråvik eg kjem tilbake til under.

Denne regelen stadfestar at attlevande ektemake sine rettar ikkje vert påverka av arveavkortingsreglane. Avkortingsreglane i arvelova har berre noko å seie i høve den innbyrdes fordelinga mellom dei aktuelle livsarvingane etter arvelatar. Dette betyr i praksis at avkortingssummen på det ein av livsarvingane er tilgodesett med som forskot, ikkje skal leggjast til buet før utrekning av arvelott og pliktdelsarv. Det regelen nedfeller, er likevel ei sanning med modifikasjonar, noko eg kjem tilbake til.

Greve tek opp kva som eigentleg ligg i ordlyden «attlevande ektefelle». Dette då det synast i førearbeida som om ein har tenkt på at det er den av ektefellene som gjev forskotet som døyrrørst, jf. formuleringa «giverens testasjonsrett.»<sup>45</sup> Men dette er ikkje noko automatikk i. Det kan like gjerne vere omvendt. I denne samanheng innvender Greve at ordlyden «attlevande ektefelle» bør tolkast som den av ektefellene som er lengst i live uansett kva for ein av dei dette måtte vere og kven som har ytt forskotet.<sup>46</sup>

Det er likevel slik at sidan arveforskotet ikkje skal medreknast, så vil utrekningsgrunnlaget verte redusert tilsvarende arveforskotet som tidlegare er teke ut av buet. Med dette som bakteppe, vil § 43 måtte tolkast til ugunst for arvelatar og den attlevande ektefella sine rettar til buet. Slik er det altså frå livsarvingane sin ståstad at avkorting «ikkje [...] har noko å seie» for arvelatar og attlevande ektefelle sine rettar i buet.

Dersom ein tek opp att dømet nemnd under pkt. 3.1, er altså arvelatars del av buet på død tidspunktet på kr. 1 000 000,- og har frå før av gjeve gåve til livsarving A på kr.

---

<sup>45</sup> NUT 1962-2, s.211.

<sup>46</sup> Greve, «Forskudd på arv til livsarving» i TfR 1988 s.670 flg. på s.706-707.

500 000,-. Etter regelen i § 43 vert ikkje denne gåva medrekna i arvelatar sin del av buet, og dette medfører altså at det i praksis vert mindre arvelott til attlevande ektefelle fordi midlar har gått ut av buet då arvelatar ga arveforskot til A. Regelen om minste arv på 4 G kompensere likevel noko, og gjev som nemnd ca. kr. 360 000,- i arvelott i tillegg til bulott tilsvarande halvdel av felleseiget. Og som nemnd vil livsarving B ha krav på forlotts kr. 500 000,- av buet på dødstidspunktet for å vege opp for gåva til A.

Om arvelatar ønskjer å testamentere bort delar av formuen etter seg, til vanleg maksimalt 1/3 av sin formue, må dette skje i tråd med reglane om pliktdelsarv, jf. al. § 29, og elles attlevande ektemake sine rettar. Då vil utrekninga verte ei noko anna. Dersom eit eventuelt testament viser at arvelatar har disponert over meir enn 1/3 av sin formue, må den aktuelle testamentsarving vike tilsvarande ektefella sin rett på minste arv og livsarvingane sin rett på pliktdelsarv, jf. al. §§ 6 og 29, men så kan det også vere at testamentsarving er same person/personar som allereie har legalarv etter lova.

Dersom ein tenker seg at det berre er livsarvingar igjen, vert det meir problemfritt i relasjon til al. § 43. Dette både der det har vore skifta på eit tidlegare tidspunkt og der arvelatar sat i uskifte. Avkortingssummen skal framleis ikkje medreknast i utrekningssgrunnlaget, men her vil dei livsarvingar som frå før av ikkje er tilgodesett, få ta ut forlotts den summen som det skal avkortast i tilgodesett livsarving sin arvelott. Slik vil det normalt verte ei lik fordeling av buet etter arvelatar mellom livsarvingane, med mindre summen som skal avkortast overstig arvelotten til tilgodesett livsarving. Då vil arvelotten til dei andre livsarvingane måtte reduserast høvesvis, i det tilgodesett livsarving «ikkje vert skuldig buet noko», jf. § 41. Der det også er arvingar som er tilgodesett i testament, vil desse først verte prioritert etter at livsarvingane har fått sin del av arven, minimum pliktdelsarv på totalt 2/3 av arven, jf. al. § 29. Der det ikkje er testamentsarvingar, vil livsarvingane kunne dele alt mellom seg.

Er ein i den situasjonen at alle livsarvingane har fått like mykje i forskot på arv kvar, så vil ikkje regelen i al. § 43 kome til bruk i det heile. Då skal det ikkje takast omsyn til avkortingsreglane, og dermed er ein utanfor verkeområdet til føresegna.



Lovføresegna er likevel klar på at ein kan avtale seg vekk frå lovregelen om ein først er innanfor verkeområdet, jf. ordlyden «[n]år ikkje anna er avtalt». Kor vid er eigentleg moglegheita til å avtale seg vekk frå lova?

At noko «anna» skal vere «avtalt» er det ikkje formkrav til, sjølv om krav til skriftleg form både er praktisk og mogleg å etterprøve på ein sikrere måte. Vidare kan ein diskutere om ein slik avtale kan vere mellom arvelatar og den som mottok arveforskot, mellom arvelatar og samtlege livsarvingar eller rett og slett noko arvelatar har avgjort åleine, men med eventuelt samtykke frå ein eller fleire livsarvingar? Greve drøftar dette, og meiner at arvelatar einsidig kan avgjere noko anna enn det som står i lova, under visse føresetnader.

Greve presiserer likevel at det først og fremst er i normaltilfella det er rimeleg at arvelatar einsidig kan avtale noko anna. Typisk der forskotet til livsarvingen ikkje overstig denne sin pliktdelsarv. I tilfelle der forskotet er større og overstig mottakaren sin pliktdelsarv, meiner ho det «ikke på samme måte [er] rimelig at arvelateren får bestemme forskuddets betydning for beregningen av arvelaterens testasjonsfrihet og ektefellens krav på lodd i boet.»<sup>47</sup>

På generell basis kan det diskuterast kven det er mest føremålstenleg at skal vere partar i ein avtale dersom ein ser det slik at fråvik frå § 43 ikkje kan fastsetjast einsidig av arvelatar. Har ein eit tilhøve der arveforskotet til tilgodesett livsarving overskrid pliktdelarven, må den mest ryddige løysinga vere ein avtale mellom arvelatar og samtlege livsarvingar og evt. attlevande ektefelle. Dette er fordi ein avtale om noko «anna» fort vil innskrenke resterande livsarvingar, samt også attlevande ektefelle sine rettar etter lova.

Eit poeng er likevel at ein avtale om noko «anna» enn hovudregelen i § 43, nokså sjeldan vil førekome. Først og fremst fordi ein slik avtale på mange måtar føreset at arvelatar kjenner

---

<sup>47</sup> Greve, «Forskudd på arv til livsarving» i TfR 1988 s.670 flg. på s.721.

godt til arvelova sitt system og ut frå dette meiner ein avtale om noko anna er meir føremålstenleg for å fremje sine ønskjer enn det lova i seg sjølv opnar for. Kor god hovudregelen i § 43 er, kan uansett diskuterast. Meir om dette i slutten av del 4 i framstillinga.

# 4 Forslag til ny arvelov frå arvelovsutvalet

## 4.1 Utvalet og deira mandat for arbeidet

I 2011 vart det nedsett eit utval som skulle sjå på dagens arvelov og om den var moden for endringar i lys av at det er gått over 40 år sidan dagens arvelov vart sett i kraft. Mykje har endra seg på desse tiåra og det er då naturleg å sjå på kor vidt lovverket heng med i utviklinga.

Kva gjeld mandatet utvalet fekk av departementet, omfattar dette store delar av dagens arvelovgjeving. Konkret om avkorting var oppgåva til utvalet å sjå på følgjande:

*«Det bør vurderes om reglene om avkall på ventet arv, påbud om avkorting og avslag på falt arv kan samordnes og forenkles.»<sup>48</sup>*

Hovudregelen om avkorting i al. § 38 synast på bakgrunn av mandatet å vere for komplisert og lite tilpassa til at det er mannen i gata utan spesiell juridisk innsikt, som skal rette seg etter denne regelen når ein kjem til eit arveoppgjjer.

Eit viktig spørsmål i samband med avkorting er om born skal «ha rett til samlet å motta like mye fra sine foreldre, eller om det skal vere opp til foreldre [alene] å utjevne eventuelle forskjeller.»<sup>49</sup> Sitatet trekk opp det som praktisk skil ei ordning med direkte avkorting, som ein i dag har i Sverige og Finland,<sup>50</sup> og ei ordning tilsvarande den noverande al. § 38 i Noreg.

---

<sup>48</sup> NOU 2014:1, pkt. 1.2, mandatet pkt.3 f).

<sup>49</sup> NOU 2014:1, pkt. 19.3.6.

<sup>50</sup> ÄBS og ÄBF, begge kap.6.

Utvalet peiker vidare på at dagens § 38 står fram som både upraktisk og tunggrodd og som nok medverkar til både meir tvil rundt føresegna sitt faktiske innhald og fleire konflikhtar enn naudsynt.<sup>51</sup>

Med dette som bakteppe har utvalet også sett på moglegheita for å oppheve heile avkortingsinstituttet og heller la det «erstattes av en utvidet hjemmel for å råde over pliktdelsarv» som tiltak for å kunne utjamne tidlegare gjevne livsgåver.<sup>52</sup>

Dagens al. § 38 nedfeller ein einssidig regel som gjer det opp til arvelatar å avgjere om avkorting skal skje dersom vilkåra for avkorting elles er oppfylte. Utvalet ser behov for avklaring i ei ny arvelov i kva grad avkorting bør kunne avtalast gjensidig mellom arvelatar og livsarving. Slik regelen i § 38 står fram i dag, byggjer ikkje denne på avtalte tilhøve slik det vert føreslege i framlegget.<sup>53</sup>

## 4.2 Forslaget til nye reglar om avkorting

Arvelovsutvalet har fremja forslag om at avkortingsreglane i den nye arvelova skal samlast saman i ei føresegn. Den nye og meir kompakte utforminga er i tråd med deloppgåva i utvalet sitt mandat om å samordne reglane, jf. ovanfor. Difor finn ein dei føreslegne avkortingsreglane samla i kap. XIV, § 67. Føresegna nedfeller:

*§ 67. Avkorting i arv og avtaler om forskudd på arv*

*«(1) Har en livsarving mottatt en ytelse av økonomisk verdi uten at de andre livsarvingene har fått tilsvarende, skal ytelsen avkortes i mottakerens arv hvis dette anses avtalt.*

---

<sup>51</sup> NOU 2014:1, pkt. 19.3.6.

<sup>52</sup> NOU 2014:1, pkt. 19.3.6.

<sup>53</sup> NOU 2014:1, pkt. 19.3.1.

*(2) Hvis ikke annet anses avtalt, skal følgende gjelde for avkorting:*

- a) Avkortingsbeløpet settes til verdien av gaven da den ble mottatt.*
- b) Hvis avkortingsbeløpet er større enn livsarvingens arvelodd, plikter likevel ikke arvingen å tilbakeføre noe til dødsboet.*
- c) Dør en livsarving som hadde måttet tåle avkorting, før arvelateren, skal avkorting gjøres i arven til hans eller hennes livsarvinger.*
- d) Avkorting får bare betydning for den innbyrdes fordelingen mellom livsarvingene og deres linjer, og ikke for beregningen av ektefellens andel av felleseiet eller ektefellens eller samboerens arvelodd, eller for hva arvelateren kan råde over ved testament.»<sup>54</sup>*

Den føreslegne føresegna har i si form eit deklarasjorisksk preg, i det den heimlar at ein i utstrekkt grad kan avtale seg til noko anna enn det lovføresegna gjev uttrykk for. Av utforminga og ut frå det arvelovutvalet sjølve påpeiker, ligg det formelle utgangspunktet for føresegna i kva som er avtalt, slik at «lovens regler gjelder i mangel av slik avtale.»<sup>55</sup>

## **4.3 Avkorting føreslege når det «anses avtalt»**

### **4.3.1 I realiteten berre mindre endringar**

Utvalet føreslår på grunnlag av si vurdering i NOU 2014:1 av dagens avkortingsordning å ikkje vidareføre ordninga med at arvelatar må ha «fastsett [avkorting]» eller at det vert «godtgjort at avkorting vil vere i samsvar med føresetnadene til arvelataren.», jf. dagens al. § 38.

---

<sup>54</sup> NOU 2014:1, pkt. 25.

<sup>55</sup> NOU 2014:1, pkt. 19.3.6.

Utvalet fremjar i staden forslag om at avkorting berre skal skje der det «anses avtalt», jf. arvelovsutkastet § 67. Det følger ikkje eksplisitt kven avkorting skal «anses avtalt» mellom, men det leggjast til grunn at dette må byggje på avtale mellom arvelatar og den aktuelle gåvemottakar. Dette legg også utvalet til grunn når det kommenterer forslaget<sup>56</sup>

Utvalet meiner forslaget inneber ei endring frå einseitig fastsetjing av avkortingsavgjerd til ei gjensidig, avtalebasert ordning, men at det i realiteten inneber potensielt små endringar.<sup>57</sup> Det er jo ikkje ulogisk at den praktiske situasjonen med dagens ordning er at det vert avtala kva for konsekvensar ei gåveyting skal få på eit seinare tidspunkt. Men det skal likevel seiast at den nye formuleringa nok fort kan framstå mindre synsete og tilfeldig for mannen i gata enn det ordlyden i dagens al. § 38 gjer. Og det er jo positivt.

Likevel framstår vel realiteten slik at det framleis vil koke ned til subjektivitet der det oppstår usemje rundt kva som faktisk var avtalt på gåvetidspunktet, og i alle fall der det som «anses avtalt» aldri har vore nedteikna i skriftleg form. Dette er ikkje mindre sannsynleg i det arvelovutvalet sjølve meiner det bør takast omsyn til at avtalar mellom nærstående «ofte inngås stilltiende og forutsetningsvis.»<sup>58</sup>, noko som er eigna til å undergrave målet om meir forståelege avkortingsreglar. Og då er ein samstundes like langt kva gjeld omsynet til likefordeling mellom livsarvingane, som jo er hovudomsynet bak avkortingsreglane.

### 4.3.2 Endring av terminologi?

Vidare er det føreslege i 1.ledd av føresegna å fjerne både «gåve» og krav til at gåva skal vere «monaleg» i ordlyden, som jo krev at gåva er av eit visst omfang, jf. tidlegare i del 2. I staden er det føreslege å nytte «ytelse av økonomisk verdi». Skal dette representere ei anna rekkjevidde enn «gåve» i dagens § 38, 1.pkt? Dette kommenterer ikkje utvalet i sitt

---

<sup>56</sup> NOU 2014:1, pkt. 24, kommentar under § 67.

<sup>57</sup> NOU 2014:1, midt i pkt. 19.3.6.

<sup>58</sup> NOU 2014:1, midt i pkt. 19.3.6.

arvelovsutkast, men dette er noko som absolutt burde vore gjort, både dersom det skulle vere ei realitetsendring eller ikkje. Dersom forslaget vert vedteke, vil jo terskelen uansett verte ein annan i og med at kravet «monaleg» er fjerna, noko som i seg sjølv medfører at terskelen vil senke seg for å innfri krava til avkorting.

### **4.3.3 Framleis ingen formkrav til avkortingsavgjerdene**

Som påpeika under behandlinga av § 38 ovanfor, så er det ingen formkrav til dagens avkortingsreglar. Utvalet peiker på fordelar og ulemper ved formkrav og formløyse. Dei har likevel vurdert det til å leggje størst vekt på fordelane ved formløyse. Dette då avtalar mellom nærståande tradisjonelt er lite formaliserte og formkrav lett kan føre til urimelege situasjonar og stå i vegen for ein elles klart fastsett føresetnad mellom partane.<sup>59</sup>

Men i det den føreslegne regelen om avkorting i stor grad framleis byggjer på subjektivitet, og ikkje noko som kan provast ut frå utprega objektive kriterium, kan ein framleis stille seg spørsmålet om dette er det mest føremålstenlege og praktiske i det lange løp. Avkorting kan potensielt vere ein omfattande disposisjon om til dels store summar. Er det ikkje då logikk i at ein sikrar klare premissar for det seinare arveoppgjer ved å inngå skriftleg erklæring mellom dei involverte partane?

Som nemnd under pkt. 2.1.7 har ei avkortingsavgjerd både element av ein dødsdisposisjon og ein livsdisposisjon, og også dette talar i retning av at det burde vere formkrav til ei avkortingsavgjerd.

Arvelovutvalet synast ikkje å sjå denne dimensjonen ved avkortingsinstituttet. Dei påpeiker derimot at formløyse fort kan føre til meir usemje samanlikna med dersom det var formkrav

---

<sup>59</sup> NOU 2014:1, midt i pkt.19.3.6.

til avkortingsavgjerda. Utvalet meiner likevel at omsynet til for mange urimelege situasjonar dersom avkorting var klart avtalt, men avtalen ikkje oppfylte formkrava, veg tyngre.<sup>60</sup>

Eg meiner likevel at det har større fordelar enn ulemper ved seg å ha formkrav til ei avkortingsavgjerd. Avgjerder om avkorting kan potensielt dreie seg om store verdiar, og då er det ryddig overfor alle involverte partar å ha skriftleg dokumentasjon på kva som skal skje med arven etter den aktuelle arvelatar. Det er nok nettopp difor mange likevel ønskjer å ha skriftleg dokumentasjon på ei slik avgjerd, trass i at det ikkje eksisterer formkrav til avkortingsavgjerda verken i dagens lov eller i det nye arvelovsforslaget.

## **4.4 Ny vurdering for tidspunktet for verdsetjinga av avkortingssum?**

Som følgje av at arvelovsutvalet har føreslege at avkorting skal skje med grunnlag i kva som «anses avtalt», så er det naturleg å også endre på grunnlaget for korleis avkortingssummen skal setjast. Det nye utgangspunktet vert difor at avkortingssummen skal setjast til verdien av gåva på gåvetidspunktet, med mindre noko anna «anses avtalt».

Såleis er det framleis heimel for å avtale seg til noko anna enn utgangspunktet om gåva sin verdi på gåvetidspunktet og det forenkla oppsettet utgjør difor ikkje noko realitetsendring i gjeldande rett samanlikna med innhaldet i dagens § 40.

Men i forslaget til ny § 67 eksisterer ikkje lenger noko uttrykkjeleg regel dersom avkortingssummen skulle føre til eit urimeleg resultat og noko anna ikkje «anses avtalt», sml. terskelen «openbert urimeleg» i dagens al. § 40, 1.pkt. Dette synast å ved første augekast innebere at ein ikkje lenger har ei justeringsmoglegheit etter lova. Utvalet presiserer likevel under sine kommentarar til § 67 i forslaget at «[h]vis den avtalte eller lovfastsatte

---

<sup>60</sup> NOU 2014:1, midt under pkt.19.3.6.



avkortingssummen er urimelig, kan justeringer bygge på alminnelige regler om avtalerevisjon.»<sup>61</sup>

Men kva inneber egentleg denne presiseringa? Utvalet let vere å kome med noko nærare utdjuping. Slik forslaget med kommentarar framstår no, har i realiteten arvelovutvalet valt å utelate justeringsmoglegheita i ordlyden, men skal den likevel gjelde?

Det synast i alle høve på grunnlag av kommentaren at terskelen for å justere avkortingssummen må vere lågare, sml. dagens krav om «openbert urimeleg» i § 40, 1.pkt. Sjølv om dette unntaket ikkje har fått plass i lovforslaget, kan det likevel vere eit haldepunkt for at utvalet ønskjer å tilpasse regelen til m.a. avtaleretten og dei rettslege standardane som ein finn der. Spesielt kan avtl. § 36 nemnast og standarden «urimeleg» i tilknytning til å gjere avtalevilkår gjeldande, jf. også tidlegare.

## 4.5 Dagens al. § 39 har utspelt si rolle

Som nemnd ovanfor under pkt. 3.5.1, så er dagens § 39 ei rein vidareføring av arvelova 1854, jf. ordlyden. Utvalet framhevar at føresegna var tilpassa den formueordninga mellom ektefeller som gjorde seg gjeldande i eldre tider, og innebar at felleseige mellom ektefeller var «et tilnærmet tingsrettslig sameie, bestyrt av mannen, men likevel slik at [han] trengte hustruens samtykke for å gi vesentlige gaver» med tilvising til ekteskapslova 1888 § 14.<sup>62</sup> Mykje har endra seg på arve- og familieretten sitt område sidan 1800-talet, og utvalet ser difor ikkje lenger at dei føresetnadane som § 39 skal kvile på, er til stades.

---

<sup>61</sup> NOU 2014:1, pkt.24.1, kommentar til forslaget § 67.

<sup>62</sup> NOU 2014:1, nedst i pkt. 19.3.6

Med tilvising til den nettopp nemnde, samt også utvalet sitt tildelte mandat om enklare avkortingsreglar, fremjar dei difor forslag om å oppheve det som i dag utgjer al. § 39.<sup>63</sup>

## **4.6 Vidareføring av innhaldet i al. §§ 41 og 42**

Dagens reglar i §§ 41 og 42 vert i utstrekt grad vidareført. Innhaldet vert slik i tråd med det som allereie er presentert om føresegnene tidlegare, jf. pkt. 3.3 og 3.4. Også med tanke på at det i desse føresegnene allereie eksisterer eit klart utgangspunkt om at noko anna enn det som går fram av føresegnene kan vere avtalt, er det klare likskapstrekk til arvelovutvalet si nye regelutforming på dette punkt.

## **4.7 Regelen i § 43 er føreslege å stå uendra**

### **4.7.1 Utvalet ønskjer å halde på gjeldande rett**

Arvelovutvalet meiner at dagens al. § 43 bør vidareførast uendra i sitt innhald. Dette fordi at utvalet står fast på at ein ved skifteoppgjer «må ta utgangspunkt i arvelaters formue ved arvefallet.», og at retts tekniske omsyn i form at mindre kompliserte rettsspørsmål og utrekningar talar for dette utgangspunktet.<sup>64</sup> Utvalet ser det også slik at regelen tenar til å oppnå noko av målet med ny arvelov om forenkla reglar.

Vidare framhevar dei også at det, slik som i dag, vil vere mogleg å avtale seg til noko anna enn det lova gjev uttrykk for, jf. ordlyden i forslaget § 67 «[h]vis ikke annet anses avtalt». Men utvalet finn likevel plass til å presisere at moglegheita til å avtale noko anna i dagens § 43, «ikke kan oppfattes som en selvstendig hjemmel for å avtale avvikende arveoppgjør,

---

<sup>63</sup> NOU 2014:1, nedst i pkt. 19.3.6.

<sup>64</sup> NOU 2014:1, pkt. 19.3.7.

eventuelt delingsoppgjør mellom ektefellene» og at føremålet med avtalemoglegheita i § 43 berre er å vise at lova er fråvikeleg.<sup>65</sup>

#### 4.7.2 Bør dagens § 43 endrast på likevel?

Skiftelovutvalet er usamd i arvelovutvalet sine synspunkt. I si utreiing med sikte på ny skiftelov, har skiftelovutvalet samstundes føreslått at arvelova § 43 bør endrast på fordi dei meiner avkortingssummen bør leggjast til buet. Dette i tråd med dei andre nordiske landa, som i dag har ei ordning med at avkortingsbeløp skal leggjast til buet ved utrekning av arvelott og pliktdel.<sup>66</sup> Skiftelovutvalet kom i si utgreiing også med forslag om ny ordlyd i § 43, og endringa dei såg føre seg synast utelukkande å gjere seg gjeldande ved dei reine dødsbuskifta, altså i etterkant av fordelinga mellom ektefellene, jf. ordlyden i forslaget «skal leggjast til dødsbuet».<sup>67</sup>

Innhaldet i buet endrast veldig ofte mellom gåvetidspunktet og fram til arveoppgjeret skal finne stad, og når gåva potensielt kan vere av nokså stor verdi, så vil dette lett kunne gå utover resterande livsarvingar sin arvelott. Dette då den aktuelle livsarving ikkje er plikta til å tilbakeføre noko til buet, jf. tidlegare om dagens § 41, som er føreslege vidareført.

Argumentet til arvelovsutvalet, om at ei ordning lik den dei andre nordiske landa har med å leggje avkortingssummen til dødsbuet vil medføre kompliserte utrekningar og rettsspørsmål, fell noko i grus. Utvalet viser til at moglegheita for å avtale seg til noko anna, skal førebyggje urimelege resultat, men har samstundes allereie påpeika at avtaleheimelen ikkje kan oppfattast som sjølvstendig, jf. over. Slik synast utvalet å innskrenke den moglegheita dei sjølv meiner skal bøte på urimelege resultat, noko som framstår både uheldig og merkeleg.

---

<sup>65</sup> NOU 2014:1, sist i pkt.19.3.7.

<sup>66</sup> NOU 2007:16, pkt.19.2.3.3.

<sup>67</sup> NOU 2007:16, pkt.0.3.

Hadde moglegheita for å avtale seg vekk frå den vidareførte regelen vore meir sjølvstendig, så kunne ein godt ha skjønt arvelovutvalet sitt resonnement. Når det ikkje er slik, vil det i ei meir rimeleg løysing vere at avkortingssummen bør leggjast til buet, og i alle fall dødsbuet, slik at realiteten stemmer betre med lovverket. For slik den vidareførte føresegna framstår i forslaget, vil avkortingsreglane m.a. potensielt skjere inn i attlevande ektemake sine rettar i buet sjølv om dagens § 43 seier at avkortingsreglane ikkje skal gjere det.

# Litteraturliste

## Norske lover

<b>Adl.</b>	Lov 28.februar 1986 om adopsjon (adopsjonslova)
<b>Al.</b>	Lov 3.mars 1972 nr.5 om arv m.m. (arvelova)
<b>Avtl.</b>	Lov 31.mai 1918 nr.4 om avslutning av avtaler, om fuldmagt og ugyldige viljeseerklæringer (avtalelova)
<b>El.</b>	Lov 4.juli 1991 nr.47 om ekteskap (ekteskapslova)
<b>Ftrl.</b>	Lov 28.februar 1997 nr.12 om folketrygd (folketrygdloven)
<b>Sl.</b>	Lov 21.februar 1930 om skifte m.m. (skiftelova)

## Andre lover

AL.	Lov nr.515/2007 – dansk arvelov
ÄBF	Ärvdabalk (ÄBF) 5.februar 1965/40 – finsk arvelov
ÄBS	Ärvdabalk (ÄBS) 1958/637 – svensk arvelov

## Førearbeid/utreiingar

Innst. O nr.XIX (1970-1971) Tilråding til Justisnemnda om lov om arv m.m.

NOU 2007:16 Ny skiftelov

NOU 2014:1 Ny arvelov

NUT-1962-2 Utkast til lov om arv m.m.

Ot.prp. nr.36 (1968-1969) Om lov om arv m.m.

Ot.prp. nr.28 (1990-1991) Om lov om ekteskap

## **Juridisk litteratur**

Giertsen, Johan: «Generasjonsskifte – kontrakts- og arverettsspørsmål som oppstår når et foretak overføres til livsarving», 1995.

Greve, Hanne Sophie: «*Forskudd på arv til livsarving*» publisert i Tidsskrift for Rettsvitenskap (TfR) 1988 s. 670 flg.

Lødrup, Peter: «Nordisk arverett», København 2003

Lødrup, Peter og Asland, John: «Arverett», 6.utgåve, Oslo 2012.

Robberstad, Knut: «Gulatinglovi – umsett frå gamalnorsk», tredje utgåva, 1969.

Taranger, Absalon (oversetjar): «Magnus Lagabøters Landslov», Kristiania 1915.